

Riksrevisjonens melding om verksemda i 2010

Dokument 2 (2010–2011)



42 104 10 587 040 9 425 14 617 8663 38 121 24 060 43 495

Denne publikasjonen er tilgjengeleg på Internett:
www.riksrevisjonen.no

Offentlege etatar kan tinge publikasjonen frå
Departementenes servicesenter
Telefon: 22 24 20 00
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
www.publikasjoner.dep.no

Andre kan tinge frå
Bestillinger offentlige publikasjoner
Telefon: 55 38 66 00
Telefaks: 55 38 66 01
E-post: offpub@fagbokforlaget.no

Fagbokforlaget AS
Postboks 6050 Postterminalen
5892 Bergen

ISBN 978-82-8229-127-9

Forsideillustrasjon: Lars Tothammer

Riksrevisjonens melding om verksemda i 2010

Dokument 2 (2010–2011)

Til Stortinget

Riksrevisjonen legg med dette fram Dokument 2 (2010–2011) *Riksrevisjonens melding om verksemda i 2010*. Riksrevisjonen skal medverke til at fellesskapets midlar og verdiar blir brukte og forvalta slik Stortinget har fastsett. Det skjer gjennom revisjon, kontroll og rettleiing. Målet med revisjonen er å medverke til betre forvaltning.

2010 var det første året i ein ny fireårig strategisk planperiode. Planlagde tiltak for året er i all hovudsak gjennomførte i tråd med verksemdsplanen, men på grunn av manglande tilbod i marknaden måtte anskaffinga av nytt revisjonsstøtteverktøy utsetjast til neste år.

Revisjonen

Resultatet av revisjonen blir rapportert til Stortinget gjennom Dokument 1 (rekneskapsrevisjonen) og Dokument 3-serien (forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollen). Hovudinntrykket frå revisjonen er at norsk forvaltning gjennomgåande er god. Revisjonen har likevel identifisert store utfordringar blant anna når det gjeld informasjonsflyt og samhandling og informasjonstryggleik. Revisjonen har òg vist at fleire departement ikkje har følgd opp selskapa i samsvar med prinsippa i statens eigarpolitikk, blant anna når det gjeld føringar om samfunnsansvar og leiarlønn.

Hausten 2010 blei det vedteke nye internasjonale standardar for offentleg revisjon. Riksrevisjonen har vore aktivt med i dette arbeidet. Dei noverande standardane og praksisen i Riksrevisjonen er på dei fleste områda i tråd med dei nye standardane. Siktemålet er å implementere og ta i bruk dei nye standardane i 2012.

Utviklingsaktivitetar

Riksrevisjonen har sett i gang arbeidet med å innføre elektronisk saksbehandling på alle nivå. Arbeidet med å utvikle eit nytt revisjonsstøtteverktøy begynte i 2009, og det skal etter planane takast i bruk i 2012. Det nye verktøyet skal vere tett integrert med den elektroniske saksbehandlinga og gi betre kvalitet på Riksrevisjonens revisjon gjennom å sikre implementering av dei nye internasjonale revisjonsstandardane og leggje til rette for betre samhandling og informasjonsdeling i heile organisasjonen.

Omdømme

Ei omdømmeundersøking utført av Opinion AS på oppdrag frå Riksrevisjonen viser at heile 84 prosent meiner Riksrevisjonen har "høy troverdighet og integritet". Vidare blir Riksrevisjonen rangert som nr. 4 av 50 store offentlege verksemdar i ei omdømmeundersøking som *Reputation Institutes* og *Handelshøyskolen BI* har gjort. Dette er ein indikasjon på at allmenta har tillit til Riksrevisjonens arbeid.

Riksrevisjonen, 14. april 2011

For riksrevisorkollegiet

Jørgen Kosmo
riksrevisor

Innhold

1	Rammevilkår, styring og måloppnåing	7
2	Revisjon og rapportering til Stortinget	13
3	Andre revisjonsfaglege aktiviteter	16
4	Internasjonale aktiviteter	18
5	Hjelp til institusjonsutvikling av riksrevisjonar i andre land	22
6	Administrasjon og interne aktiviteter	24
7	Organisering, personale og arbeidsmiljø	26
8	Budsjett og rekneskap for 2010	30
Vedlegg 1:	Riksrevisjonens organisasjonskart per 31. desember 2010	31
Vedlegg 2:	Lokalisering av Riksrevisjonens medarbeidarar per 31. desember 2010	32
Vedlegg 3:	Riksrevisjonens rapportering til Stortinget i 2010	33
Vedlegg 4:	Påbegynte forvaltningsrevisjonar som blir førte vidare i 2011	34
Vedlegg 5:	Orientering om INTOSAI Development Initiative – IDI	35

1 Rammevilkår, styring og måloppnåing

1.1 Rammevilkår

Riksrevisjonen skal gjennom revisjon, kontroll og rettleiing medverke til at statens inntekter kjem inn som føreset, og at statens midlar og verdiar blir brukte og forvalta på ein økonomisk for-svarleg måte og i samsvar med Stortingets vedtak og føresetnader. Dei overordna rammevilkåra går fram av lov og instruks om verksemda i Riks-revisjonen (lov om Riksrevisjonen av 7. mai 2004 nr. 21 og instruks om Riksrevisjonens virksomhet av 11. mars 2004).

Riksrevisjonen skal vere kompetent, uavhengig og objektiv. Internt blir det lagt vekt på lagånd, openheit og respekt, for å oppnå gode resultat og sikre eit godt arbeidsmiljø. Revisjonen skal planleggjast, gjennomførast og rapporterast slik lov, instruks og god revisjonsskikk krev. Revisjons-standardane er baserte på INTOSAI¹ standardar for statleg revisjon og andre nasjonale og inter-nasjonale revisjonsstandardar. Krava til revisjons-arbeidet er nærmare konkretiserte i retningslinjer for dei enkelte revisjonstypane.

Riksrevisjonens oppgåver er

- å revidere statsrekneskapen og alle rekneskapar lagde fram av statlege verksemder og andre styresmakter som er rekneskapspliktige til staten, blant anna forvaltnings-bedrifter, forvaltningsorgan med særskilde fullmakter, statlege fond og andre organ eller verksemder der dette er fastsett i særleg lov (*rekneskapsrevisjon*)
- å gjennomføre systematiske undersøkingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå Stortingets vedtak og føresetnader (*forvaltningsrevisjon*)
- å kontrollere forvaltninga av statens interesser i selskap m.m. (*selskapskontroll*)
- gjennom revisjonen å medverke til å førebyggje og avdekkje mislegheiter og feil
- å rettleie forvaltninga for å førebyggje framtidige feil og manglar

Riksrevisjonen kan òg etter avtale ta på seg revisjons-, kontroll- eller bistandsoppdrag internasjonalt.

Stortinget kan påleggje Riksrevisjonen å setje i gang særskilde undersøkingar.

1.2 Riksrevisjonens styringssystem

Riksrevisjonen har ein fireårig strategisk planperiode. Det blei i 2009 vedteke ein ny strategisk plan som gjeld for perioden 2010–2014. Planen er eit resultat av ein omfattande intern prosess med brei involvering av medarbeidarar på alle nivå. Det er også innhenta informasjon frå Stortingets kontroll- og konstitusjonskomité, departementsrådene og forvaltninga elles. Visjonen for perioden 2010–2014 er å «*bidra effektivt til Stortingets kontroll og fremme god forvaltning*». Det er definert fem strategiske hovudmål for perioden:

- Riksrevisjonen har allmenn tillit, og rolla og oppgåvene er godt kjende i Stortinget og forvaltninga.
- Revisjonen blir gjennomført på ein einskapleg måte og held høg fagleg kvalitet.
- Riksrevisjonen har kompetanse til å gjennomføre arbeidsoppgåvene på ein effektiv og tilfredsstillande måte.
- Riksrevisjonen er ein leiande aktør innanfor utviklinga av offentleg revisjon internasjonalt.
- Riksrevisjonen er ein god arbeidsplass som trekkjer til seg og held på kompetente og engasjerte medarbeidarar.

Til dei strategiske måla er det formulert operasjonelle mål som konkretiserer ambisjonsnivået for satsinga i perioden. I tilknytning til strategisk plan er det gjort ei risikovurdering av dei operasjonelle måla. Dette har resultert i ei implementeringsmatrise med prioriterte tiltak som må setjast i verk for å kunne nå det ønskete ambisjonsnivået. Matrisa gir støtte i arbeidet med dei årlege verksemdsplanane. Det er også utarbeidd eit sett av resultatindikatorar. Dei er dels eksternt og dels internt retta. Overvaking av resultatindikatorane er eit styringsverktøy for leiinga i arbeidet med å nå måla i strategisk plan for den aktuelle perioden.

Av omsyn til revisjonssyklusen er Riksrevisjonens planperiode frå 1. mai til 30. april. Den årlege verksemdsstyringa skjer gjennom årlege verksemdsplanar. Dei gir føringar for område som skal viast spesiell merksemd i planlegging og gjennomføring av revisjonen for gjeldande periode, såkalla satsingsområde. Revisjonsaktivitetane er inndelte i rekneskapsrevisjon,

1) International Organization of Supreme Audit Institutions

forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Revisjonstypene skal utfylle kvarandre, slik at den samla revisjonen blir både heilskapleg og mest mogleg målretta og effektiv. For å sikre at revisjonar blir prioriterte ut frå risiko og kva som er vesentleg, blir det gjennomført ei felles overordna risikovurdering for kvart enkelt departement med underliggjande verksemdar. Samtidig vurderer Riksrevisjonen sin eigen kompetanse og kapasitet til å gjennomføre dei prioriterte oppgåvene og set i verk tiltak for å sikre ein mest mogleg effektiv og god revisjon. Verksemdsplanane blir ytterlegare operasjonaliserte gjennom avdelingsvise planar. Risikovurdering og risikostyring er ein integrert del av planprosessane.

Eit elektronisk styringsinformasjonssystem blir nytta som verktøy ved ressursfordelinga til planlagde oppgåver. Den jamlege registreringa medarbeidarane gjer av ressursbruken gir både informasjon til ressursstyringa gjennom året og erfaringsdata for seinare planlegging av tilsvarende oppgåver. Det blir gjennomført avviksrapportering gjennom året i tillegg til rapportering mot planlagde oppgåver ved slutten av planperioden. Saman med dei målte resultatane knytte til resultatindikatorane, danner dette utgangspunkt for oppdaterte risikovurderingar ved inngangen til ein ny planperiode.

I tillegg gjennomfører Riksrevisjonen fleire målingar av interne forhold ved bruk av statistikk, medarbeidarundersøkingar og så vidare.

1.3 Verksemdsplan og måloppnåing

For årsrapporten frå Riksrevisjonen er verksemdsplanane for både 2009–2010 og 2010–2011 aktuelle. I verksemdsplanen for 2009–2010 var mislegheiter, IKT-tryggleik og styringa i departementa (kontroll av disposisjonane, verksemdsstyring og brukarorientering) prioriterte som felles satsingsområde for rekneskapsrevisjonen. Revisjonar knytte til effektivitet, IKT og brukarorientering har vore overordna føring for forvaltningsrevisjonen. Sjå nærmare omtale av revisjonsresultata i kapittel 2.

Dei overordna føringene for forvaltningsrevisjon gjeld også i verksemdsplanen for 2010–2011. I denne planperioden har tilskotsrevisjon med vekt på feilbudsjettering og manglande rapportering vore ei gjennomgåande føring for rekneskapsrevisjon på alle departementsområda. Resultatet


av dette arbeidet vil bli lagt fram ved revisjonsrapporteringa til Stortinget for 2010.

Revisjonsaktivitetane er gitt høgaste prioritet, og det er sett måltal for kor store ressursar som kan nyttast til utviklingstiltak i perioden. Prioriteringa av utviklingstiltak er basert på risikovurdering av dei operasjonelle måla og implementeringsmatriksa for strategisk plan 2010–2014. Når det gjeld revisjonsfaglege utviklingsprosjekt, har det særleg vore arbeidd vidare med eit nytt revisjonsstøtteverktøy og implementering av nye internasjonale revisjonsstandardar. Dette arbeidet heldt på i heile 2010 og blir ført vidare i dei nærmaste åra.

Av administrativt utviklingsarbeid har det blant anna vore vesentleg å gjere ferdig ny kommunikasjonsstrategi, kompetansestrategi og rekrutteringsstrategi. Vidare er arbeidet med å innføre elektronisk saksbehandling på alle nivå påbegynt.

Rapporteringa for 2010 viser at planlagde tiltak i hovudsak er gjennomførte. Figur 1 viser korleis ressursane fordelte seg på dei ulike aktivitetane i 2010. Ressursfordelinga er i tråd med fastsette måltal og i store trekk den same som i 2009.

Figur 1 Korleis ressursane fordelte seg på dei ulike aktivitetane i 2010



Tabell 1 viser revisjonsinnsatsen fordelt på dei ulike revisjonstypene i åra 2006–2010, som omfattar førre og inneverande strategiske periode. Dei seinaste åra er ressursinnsatsen noko redusert

Tabell 1 Revisjonsinnsatsen fordelt på dei ulike revisjonstypene i perioden 2006–2010 (i prosent)

Revisjonstype	2006	2007	2008	2009	2010
Regnskapsrevisjon	73	70	67	67	68
Forvaltningsrevisjon	23	26	29	28	26
Selskapskontroll	4	4	4	5	6

innan forvaltningsrevisjon, mens selskapskontrollen er styrkt.

Brukarundersøkingar

Som kontrollorgan for Stortinget legg Riksrevisjonen stor vekt på Stortingets vurderingar av revisjonsarbeidet. Tilbakemeldingane frå Stortinget som kjem fram i komitéinnstillingar og stortingsforhandlingar, er i all hovudsak positive.

Ved måling av resultat er Riksrevisjonen også oppteken av dei oppfatningane departement og reviderte verksemder har av kvaliteten på revisjonen og relevansen av det vi gjer. I 2010 er det gjennomført brukarundersøkingar knytte til den årlege reknskapsrevisjonen, forvaltningsrevisjonen og selskapskontrollen. Riksrevisjonen har fått gode tilbakemeldingar og nyttige innspel frå forvaltninga som kan medverke til å gjere kvaliteten på revisjonen og dialogen med reviderte verksemder endå betre. Resultata er lagde ut på heimesidene til Riksrevisjonen.

Resultat for reknskapsrevisjonen:

Undersøkinga blei send til alle reviderte verksemder, inkludert departementa. Svarprosenten var 79,1 totalt og omtrent lik for departement og underliggjande verksemder. På ein skala der høgast moglege poengsum var 4, oppnådde reknskapsrevisjonen eit gjennomsnittleg resultat på over 3 for alle spørsmål. Reknskapsrevisjonen skårar svært godt på kommunikasjon og gjennomføring av revisjonsbesøk og får god tilbakemelding på at revisjonane blir brukte til å betre verksemdene (3,7 på alle tre spørsmåla). Relativt sett skårar reknskapsrevisjonen lågast på spørsmålet om rettleiing (3,2). Enkelte av kommentarane tyder på at rettleiingsrolla er litt uklar.

Resultat for forvaltningsrevisjonen:

Resultata kjem fram av svara frå 23 departement og verksemder på grunnlag av ni forvaltningsrevisjonsrapportar. Forvaltningsrevisjonen oppnår best resultat på revisjonsprosessen og noko lågare på det ferdige produktet. Forvaltningsrevisjonen skårar høgt på kommunikasjon (3,5) og kontakt med departement og verksemder underveis i

revisjonsprosessen (3,6). Forvaltningsrevisjonen skårar relativt sett lågast på spørsmål om i kva grad faktiske forhold blir presenterte på ein balansert og dekkjande måte (2,6). Enkelte er kritiske til det faglege innhaldet (fagleg usemje), mens andre meiner pressekonferanse og medium gir eit skeivt bilete av verksemda.

Resultat for selskapskontrollen:

Resultata er utarbeidde på grunnlag av ni utvida kontrollar. Totalt er det 21 respondentar, og av dei er ni departement og resten selskap. Selskapskontrollen oppnår best resultat på dialogen med forvaltninga (3,5), på relevansen av rapporten (3,1) og på spørsmålet om rapporten blir brukt til å betre verksemda (3,3). Fleire gir uttrykk for at dei vil bruke rapporten aktivt i forbettingsarbeidet sitt. Selskapskontrollen skårar relativt sett lågast på presentasjonen av revisjonsresultata. Enkelte gir uttrykk for at Riksrevisjonen ikkje har presentert dei faktiske forholda på ein balansert og dekkjande måte (2,8).

Omdømmeundersøking

Som Stortingets kontrollorgan er Riksrevisjonen avhengig av tillit frå allmenta. Opinion AS har derfor på oppdrag frå Riksrevisjonen gjennomført ei opinionsundersøking for å kartlegge kor godt allmenta kjenner til Riksrevisjonen, og korleis allmenta vurderer omdømmet vårt. Resultatet av undersøkinga er gjennomgåande godt. Heile 84 prosent meiner Riksrevisjonen «har høy troverdighet og integritet». Saman med resultata frå Reputation Institutes omdømmeundersøking *RepTrak Offentlig 2010*, der Riksrevisjonen blir rangert som nr. 4 av 50 store offentlege verksemder, gir dette ein indikasjon på at allmenta har tillit til Riksrevisjonens arbeid.

Kvalitetskontroll

Det er utvikla retningslinjer for kvalitetskontroll av høvesvis reknskapsrevisjonen, forvaltningsrevisjonen og selskapskontrollen. Kontrollane blir normalt gjennomførte årleg, og dei skal sikre at revisjonen har følgd Riksrevisjonens metodikk og har den nødvendige kvaliteten. Det blei ikkje gjennomført intern kvalitetskontroll i 2010.

Grunnen til det er at det i 2010–2011 blir gjennomført ei internasjonal fagfellevurdering av Riksrevisjonen.

Fagfellevurderinga begynte hausten 2010. Det er ei uavhengig vurdering av verksemda i Riksrevisjonen. Formålet er først og fremst å vurdere kvaliteten på revisjonen som blir utført, og støttefunksjonane. Vurderinga er leidd av Den europeiske revisjonsretten (ECA), med deltaking frå riksrevisjonane i Finland og Austerrike. Fagfellevurderinga blir slutført i 2011.

Måloppnåing på personalområdet

Det blei gjennomført to medarbeidarundersøkingar i 2010. I snitt oppnår Riksrevisjonen ønskt resultat, og måla viser ei positiv utvikling. Også dei målte resultatata for rekruttering er tilfredsstillande. Sjukefråværet ligg noko over det ønskete nivået, men dette må reknast som ambisiøst i forhold til dei etatane vi samanliknar oss med.

1.4 Utvikling innan forvaltninga som har innverknad på revisjonen framover

Samhandling og informasjonsflyt i forvaltninga

Eit typisk trekk ved samfunns- og forvaltningsstrukturen er at ulike politikkområde heng saman og påverkar kvarandre. For å oppnå ein heilskapleg og samordna bruk av verkemidla forvaltninga rår over, er det nødvendig med god samhandling og informasjonsutveksling på tvers av sektorar og departementsområde. Dette er eit ansvar som kviler på kvar enkelt etat. I tillegg har nokre departement eit særleg ansvar for koordinering og samhandling på sine område eller mellom fleire departementsområde. Riksrevisjonen har i Dokument 1 (2010–2011) rapportert om manglande oppfølging av dette overordna koordineringsansvaret i fleire departement. Riksrevisjonen vil følgje denne utviklinga vidare.

Samfunnstryggleik

Samfunnstryggleik dreier seg om å ta hand om tryggleiken til befolkninga og sikre den sentrale samfunnsstrukturen. Dette inkluderer handtering og oppfølging av utilsikta og tilsikta hendingar som rammar samfunnsstrukturen og den enkelte borgaren. Utilsikta hendingar kan vere ras, flaum og andre naturkatastrofar, men også større ulykker, brannar og andre kriser. Tilsikta hendingar kan vere planlagde aksjonar mot norsk samfunnsstruktur eller norske borgarar, for eksempel terroraksjonar, spionasje og internasjonal kriminalitet. Samfunnsutviklinga tilseier at tiltak

for å sikre førebygging og beredskap på området samfunnstryggleik også i tida framover vil vere ei svært viktig oppgåve. Riksrevisjonen har gjennom tidlegare revisjonar peikt på veikskapar i oppfølginga av samfunnstryggleiksarbeidet på ei rekkje sektorområde. Riksrevisjonen vil derfor også i det vidare arbeidet setje søkjelys på dette.

IKT-systemet i forvaltninga

Samfunnet blir stadig meir avhengig av IKT. Omfanget av elektronisk samhandling aukar både mellom forvaltningsorgana, i næringslivet og mellom forvaltning og befolkning. Avhengigheita av fungerande IKT-infrastruktur har medført at samfunnet er sårbart for sjølv kortare driftsavbrot i system og nett. Grunnen til dette er blant anna meir integrerte system og utviklinga av elektronisk forvaltning.

Den teknologiske utviklinga medfører stadig større krav til oppgradering og vedlikehald av dei elektroniske informasjonssystema i forvaltninga. Manglande oppfølging av dette gir auka risiko for uønskt spreiding, endring eller sletting av opplysningar. Uønskt inntrenging i informasjonssystema til forvaltninga kan gi negative konsekvensar både for enkeltmenneske og for samfunnsstryggleiken generelt. I Dokument 1 (2010–2011) peikte Riksrevisjonen på alvorlege veikskapar og manglar innanfor området informasjonstryggleik, og informasjonstryggleik vil derfor vere tema også i revisjonen framover.

I tillegg til den nødvendige sikringa mot uønskt inntrenging i informasjonssystema til forvaltninga er det viktig at forvaltninga sørgjer for alltid å ha IKT-system som er dimensjonerte og tilpassa dei oppgåvene kvar enkelt etat har ansvar for. Særleg NAV og politiet står i fare for ikkje å kunne løyse oppgåvene sine tilstrekkeleg effektivt som følgje av manglande utvikling av informasjonssystema. Utfordringa for forvaltninga er å sørgje for å gjennomføre dei strakstiltaka som trengst for å bøte på den manglande datatryggleiken, samtidig som ein klarer å halde kontinuerleg fokus på å etablere og vidareutvikle robuste informasjonssystem.

Helse og omsorg

Helse- og omsorgstilbodet har stor innverknad på levekåra og livsutfaldinga for den enkelte og er ein viktig føresetnad for eit godt samfunn. Det er eit offentleg ansvar å sikre nødvendige helse- og omsorgstenester, og nasjonale helsepolitiske mål skal blant anna nåast gjennom samhandlingsreforma, som tek til å gjelde 1. januar 2012.

Gjennom reforma blir det lagt til rette for at fleire sjukdommar skal førebyggjast og behandlast i kommunehelsetenesta, eventuelt i samarbeid med spesialisthelsetenesta. Samhandlinga mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta skal bli betre gjennom å leggje til rette for tydelegare prioriteringar og bruk av kompetansen i spesialisthelsetenesta. Regjeringa har løyvd til saman 580 millionar kroner til samhandlingstiltak i 2011, og 133 av desse millionane er øyremerkte til lokale samhandlingstiltak.

Samhandlingsreforma blir realisert gjennom eit breitt sett av verkemiddel, blant anna gjennom ei ny folkehelselov, ei ny kommunal helse- og omsorgslov og ein ny nasjonal helse- og omsorgsplan, som alle etter planen skal leggjast fram for Stortinget våren 2011.

Det aller viktigaste for styringa av helsetilbodet er likevel resultatet i behandlinga, og kvalitet og pasienttryggleik er derfor sentrale element i helse- og omsorgsarbeidet. Riksrevisjonen har gjennom ei rekkje revisjonar avdekt manglar i kvaliteten på ulike tenesteområde og peikt på at kvaliteten på informasjon om tilstanden i helse-regionane ikkje er tilfredsstillande når det gjeld fleire styringskrav og sentrale kvalitetsindikatorar. Det er no sett i gang eit arbeid med å utvikle nasjonale kvalitetsindikatorar, og regjeringa har signalisert at det i 2012 vil bli fremma ei stortingsmelding om kvalitet og pasienttryggleik. Riksrevisjonen vil derfor også i det vidare arbeidet rette stor merksemd mot helse- og omsorgssektoren.

Pensjonsreforma

Pensjonsreforma tok til å gjelde 1. januar 2011. Ho skal sikre eit pensjonssystem som er økonomisk berekraftig også med den befolkningsutviklinga vi får i framtida. Med det nye pensjonssystemet er det innført reglar om alleårsopptening, levealdersjustering og fleksibelt uttak av pensjon i alderen 62–75 år. Det er òg mogleg å ta ut gradert pensjon og kombinere arbeid og pensjon fritt utan avkorting av pensjonen. Eit forslag til ny uførepensjonsordning blir venteleg lagt fram i 2011. Dei utfordringane forvaltninga får i tilknytning til reforma, blir å sikre at både organisering og støttesystem er tilstrekkeleg tilpassa det nye regelverket.

Auka bruk av rammetilskot til kommunesektoren
Kommunane har ansvaret for å yte ei rekkje lovpålagde tenester, som barnevern, sjukeheim, helsetenester, barnehage og skule. I statsbudsjettet

for 2011 er 29 milliardar overførte frå øyremerkte ordningar til rammetilskot til kommunane. Dette er den mest omfattande omlegginga frå øyremerking til rammetilskot sidan innføringa av inntektssystem for kommunesektoren i 1986. Formålet med omlegginga er å oppnå ein meir effektiv bruk av dei kommunale midlane. Utfordringa for forvaltninga er å sørge for at den reduserte øyremerkinga ikkje går ut over dei grunnleggjande, lovpålagde tenestene for den enkelte innbyggjaren i kommunane. Dette stiller krav til statens regulerings-, rettleiings- og tilsynsansvar.

Vidareutvikling av rekneskapsfunksjonen i statsforvaltninga

I Gul bok for 2010 orienterte Finansdepartementet om kontoplan og føringsprinsipp for rekneskapen i statlege verksemder, og om erfaringar frå utprøvinga av verksemdsrekneskap ført etter periodiseringsprinsippet. På grunnlag av desse erfaringane har Finansdepartementet gitt Senter for statleg økonomistyring i oppgåve å utvikle eit tenestetilbod tilpassa ein ny standard kontoplan og verksemdsrekneskap basert på kontant- eller periodiseringsprinsippet, og å forvalte dei statlege rekneskapsstandardane. Formålet med oppdraget er å standardisere og vidareutvikle rekneskapsføringa i statlege verksemder og i departementa. Dette vil leggje til rette for samanlikningar på tvers i statsforvaltninga og gi eit betre grunnlag for å vurdere rekneskapsinformasjonen i staten samla sett. Arbeidet med utgreiing og gjennomføring av utviklingstiltaka vil halde på fram mot 2014. Ny standard kontoplan for statlege verksemder er innført som ei frivillig ordning frå 1. januar 2011 og med sikte på obligatorisk innføring i 2014.

Statens pensjonsfond utland (SPU)

Regjeringa har som mål at Statens pensjonsfond utland skal vere det best forvalta fondet i verda. Dette inneber at ein skal identifisere og strekkje seg mot leiande praksis internasjonalt i alle delar av forvaltninga. Finansdepartementet har ansvar for å fastsetje overordna rammer for forvaltninga av SPU, medrekna ein overordna investeringsstrategi og etiske retningslinjer, og å følgje opp den operative forvaltninga av fondet. I 2010 blei det tillate å investere inntil fem prosent av fondskapitalen i eigedom.

Noregs Bank som forvaltar skal søkje å oppnå høgast mogleg avkastning av fondets kapital innanfor rammer fastsette av Finansdepartementet. Rammene blei restrukturerte ved årsskiftet

2010–2011, då det kom nye føresegner og fleire føresegner blei konsoliderte. I tillegg til Finansdepartementets krav skal Noregs Bank fastsetje supplerande risikorammer for forvaltninga for å fange opp risiko som det erfaringsmessig ikkje er teke nok høgd for. Rammene skal leggjast fram for Finansdepartementet. Vidare er rekneskapsføringa av SPU omfatta av den nye forskrifta om årsrekneskap m.m. for Noregs Bank, som tok til å gjelde 1. januar 2011. Ifølgje denne skal rekneskapsrapporteringa for SPU utarbeidast i samsvar med internasjonale rekneskapsstandardar (IFRS).

Riksrevisjonen og Noregs Banks representantskap underteikna 1. desember 2010 "Retningslinjer for informasjonsutveksling og koordinering av revisjon og tilsyn mellom Riksrevisjonen og Norges Banks representantskap vedrørende Statens pensjonsfond utland".

Økonomisk kriminalitet

Auka globalisering og raskare og enklare måtar for økonomiske transaksjonar gjer at risikobiletet knytta til økonomisk kriminalitet er i stadig endring. Av trusselvurderinga for økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet som ØKOKRIM har utarbeidd for perioden 2011–2012, går det blant anna fram at skattekriminalitet, trygdekriminalitet og korrupsjon representerer ein svært høg risiko for det norske samfunnet. Det er også høg risiko knytta til avgiftskriminalitet, subsidiebedragerier, konkurransekriminalitet, piratkopierte produkt og merkevareforfalsking, heleri og kvitvasking, verdipapirkriminalitet og konkurskriminalitet. Utfordringane i kampen mot slik kriminalitet er å syte for godt samarbeid mellom ulike kontrollorgan, stadig utvikling av metodar for kontroll og etterforsking og effektive sanksjonar.

Regjeringa la den 15. mars 2011 fram ein handlingsplan mot økonomisk kriminalitet. Hovudmålet med planen er å betre den samla innsatsen mot økonomisk kriminalitet og gjere innsatsen meir effektiv og synleg. Det er planlagt ei rekkje tiltak som involverer mange departement og etatar. Tiltaka skal gjennomførast i løpet av dei neste tre åra. Til kvart av tiltaka er det knytta eit ansvarleg departement, som skal se til at tiltaka blir følgde opp. Riksrevisjonen vil ha denne oppfølginga for auge i tida framover.

2 Revisjon og rapportering til Stortinget

2.1 Rekneskapsrevisjon

Den årlege finansielle revisjonen og kontrollen for rekneskapsåret 2009 blei rapportert til Stortinget i Dokument 1 (2010–2011).

Revisjonen omfatta 17 departement med til saman 220 underliggjande etatar, Statsministerens kontor og Regjeringsadvokaten, i tillegg til Stortinget og tre verksemder underlagde Stortinget. Riksrevisjonen reviderer også rekneskapa til Garantikassen for fiskere, Likviditetsfondet i Pensjonstrygden for fiskere, FN-sambandet og sju nordiske verksemder. Etter avtale reviderer Riksrevisjonen også bruken av fylkesvegmidlar, som Statens vegvesen fører rekneskap for. Riksrevisjonen reviderer også dei kommunevise skatterekneskapane, som er delrekneskapar til skatteetatens samla rekneskap.

Riksrevisjonen sende 205 avsluttande revisjonsbrev utan merknad og 21 avsluttande revisjonsbrev med merknad.²

Eit gjennomgåande funn i rekneskapsrevisjonen var mangelfull informasjonsflyt og samhandling mellom ulike sektorar i forvaltninga. Revisjonen avdekte også store veikskapar knytte til informasjonstryggleik. Til liks med tidlegare år peikte Riksrevisjonen på fleire brot på anskaffingsregelverket. Dessutan viste revisjonen at dei ulike tiltakspakkane frå regjeringa i samband med finansuroa i all hovudsak har verka etter formålet.

Innhaldet i rekneskapsrevisjonen

Riksrevisjonen skal ved revisjon av rekneskapane kontrollere om rekneskapen gir eit riktig bilete av den økonomiske verksemda, og under dette

- a) stadfeste at rekneskapane ikkje inneheld vesentlege feil og manglar, og
- b) kontrollere om dei disposisjonane som ligg til grunn for rekneskapen, er i samsvar med Stortingets vedtak og føresetnader og gjeldande regelverk, og om disposisjonane er akseptable ut frå normer og standardar for statleg økonomiforvaltning.

2.2 Selskapskontroll

Resultatet av kontrollen med forvaltninga av statlege selskap for 2009 blei rapportert i Dokument 3:2 (2010–2011).

Kontrollen omfatta sju statsføretak, 41 heilåtte selskap, 40 delåtte selskap, seks selskap som er organiserte ved særskild lov, fire regionale helseføretak og 26 studentsamskipnader.

Kontrollen avdekte at fleire departement ikkje har følgd opp selskapa i samsvar med prinsippa i statens eigarpolitikk. Dette gjeld føringar om samfunnsansvar og leiarlønn, og at den enkelte ikkje har innretta oppfølginga i samsvar med formålet med statens eigarskap. Mange av selskapa har i svært lita grad integrert i styringa dei delane av samfunnsansvaret dei sjølv vurderer som relevante.

Innhaldet i selskapskontrollen

Riksrevisjonen vurderer gjennom selskapskontrollen blant anna om statens interesser i selskap m.m. er forvalta i samsvar med Stortingets vedtak og føresetnader.

Kontrollen skal kaste lys over forhold av stor samfunnsmessig eller prinsipiell interesse på bakgrunn av Riksrevisjonens vurdering av risiko og kva som er vesentleg. Kontrollen blir utført etter desse kontrollperspektiva:

- etterleving av lover, reglar og vedtak
- ivaretaking av samfunnsmessige oppgåver og sektorpolitiske mål
- effektiv og økonomisk forsvarleg drift
- korrekt informasjon til Stortinget og Riksrevisjonen

2.3 Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjonar blir sende fortløpande til Stortinget som saker i Dokument 3-serien. I 2010 sende Riksrevisjonen 11 forvaltningsrevisjonar til Stortinget. Ei oversikt over desse følgjer av vedlegg 3. I vedlegg 4 er det gitt ei oversikt over påbegynte forvaltningsrevisjonar som er førte vidare i 2011.

Riksrevisjonen følgjer opp alle forvaltningsrevisjonar som er behandla i Stortinget, for å sjå til at forvaltninga set i verk tiltak for å rette opp

2) Riksrevisjonen sender ikkje avsluttande revisjonsbrev til departementa, Statsministerens kontor, dei nordiske verksemdene og FN-sambandet.



Administrativ rapport 1/2010 omhandla tildeling av utvinningsløyver i petroleumssektoren. Kjelde: Dag Jenssen/Samfoto.

påviste veikskapar. Dette skjer normalt tre år etter stortingsbehandlinga. Resultata blir presenterte for Stortinget i det årlege Dokument 3:1. Dokument 3:1 (2010–2011) gjer greie for oppfølginga av 18 forvaltningsrevisjonar. I 12 saker har forvaltninga gjort nødvendige forbedringar, mens tre saker skal følgjast vidare av Riksrevisjonen. I tre andre saker har resultata vore så svake at ein vurderer å gjennomføre nye revisjonar.

Enkelte forvaltningsrevisjonar har funn av mindre alvorleg karakter og blir derfor ikkje sende over til Stortinget som egne saker. Dei blir trykte i ein administrativ rapportserie og sende til kontroll- og konstitusjonskomitéen, den aktuelle fagkomitéen og dei departementa det gjeld, til orientering.

I 2010 blei det utarbeidd éin slik administrativ rapport: Administrativ rapport 1 2010 *Riksrevisjonens undersøkelse av forvaltningspraksis ved tildeling av utvinningstillatelser i petroleums-*

sektoren. Undersøkinga viser at miljø- og fiskeristyresmaktene opplever ordninga med årlege tildelingar i førehandsdefinerte område på sokkelen (TFO) som problematisk når det gjeld den avveginga av miljø- og fiskeriomsyn som skal skje ved utlysing av areal. Dei viser blant anna til at TFO-området berre kan utvidast og ikkje innskrenkast, og etterlyser moglegheiter for å kunne ta område ut av TFO-ordninga når det kjem ny og forbedra kunnskap om miljø- og fiskeriforhold. Det går vidare fram av undersøkinga at dei vurderingane og avgjerdene som danner grunnlaget for forslaga om tildeling av utvinningsløyve frå styresmaktene si side, gjennomgåande er forankra i dei tildelingskriteria som er nedfelte i lov og forskrift og kunngjorde i utlysingstekstane. Interne arbeidsformer, rutinar og retningslinjer medverkar til at søknader og selskap blir vurderte opp mot dei kunngjorde kriteria på ein einsarta og systematisk måte. Over tid er det blitt betre dokumentasjon og lettare å spore tilbake vesentlege vurderingar og avgjerder i tildelingsprosessen.

To forvaltningsrevisjonar blei avslutta etter foranalysen. Desse handla om HMS i petroleumsverksemda og gjennomføring og måloppnåing i konkurransepolitikken. Gjennom foranalysane blei det ikkje avdekt indikasjonar på vesentlege feil og veikskapar i måten dei respektive departementa følgde opp ansvaret sitt på desse områda.

Innholdet i forvaltningsrevisjonen

- Gjennom systematiske undersøkingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå vedtaka og føresetnadene til Stortinget skal Riksrevisjonen gi relevant informasjon om iverksetjing og verknader av offentlege tiltak e.l., inkludert
- a) om forvaltninga bruker ressursar til å løyse oppgåver som samsvarer med vedtaka og føresetnadene til Stortinget,
 - b) om ressursbruken og verkemidla til forvaltninga er effektive og i samsvar med dei måla som Stortinget har fastsett på området,
 - c) om regelverk som er fastsett av Stortinget, blir følgt,
 - d) om styringsverktøy, verkemiddel og regelverket til forvaltninga er effektive og føremålstenlege for å følgje opp vedtaka og føresetnadene til Stortinget,
 - e) om avgjerdsgrunnlaget frå regjeringa til Stortinget er tilstrekkeleg, og
 - f) om forvaltninga gjennomfører vedteken miljøpolitikk slik at prinsippet om berekraftig utvikling og god forvaltning av naturressursar blir følgd.

2.4 Mislegheiter

Riksrevisjonen skal gjennom revisjonen også medverke til å førebyggje og avdekkje mislegheiter og feil, jf. lov om Riksrevisjonen § 9. Som i 2009 blei det også i 2010 lagt ned store ressursar i denne oppgåva. Arbeidet med å vurdere kor eksponerte verksemdene er for mislegheiter, blei ført vidare, og det blei lagt endå større vekt på oppfølging med tilpassa revisjonshandlingar.

Den interne kompetansegruppa for mislegheiter, som er sett saman av representantar frå alle revisjonsavdelingane, har gitt rettleiing og bistand til revisjonen når det gjeld risikoen for mislegheiter.

Alle nyttilsette i revisjonen får intern opplæring i revisjon av mislegheiter. For å utvikle spisskompetanse hos utvalde revisorar har kompetansegruppa arrangert kurs som går i djupna og i hovudsak tek for seg utarbeiding og dokumentasjon av risikovurderingar og oppfølgjande handlingar. I tillegg blir det tilbydd kurs i transaksjonsanalyse som eit verktøy til å avdekkje mislegheiter og teste internkontrollen i ei verksemd med særleg tanke på mislegheiter.

Riksrevisjonen har lagt til rette for mottak og einskapleg behandling av tips og førespurnader frå allmenta om mislegheiter. For å sikre at relevante og konkrete tips kjem til nytte i revisjonsarbeidet, er det kompetansegruppa som behandlar tipsa i første omgang. I 2010 mottok Riksrevisjonen 220 tips. Rundt 30 av desse gav grunnlag for eigne undersøkingar, og mange av dei andre gav verdifulle innspel til planlegginga og gjennomføringa av den ordinære revisjonen.

2.5 IKT-revisjon

Riksrevisjonen har også i 2010 i stor grad sett søkjelyset på IKT-revisjon, og då særleg revisjon av informasjonstryggleiken i statsforvaltninga. Kompetansegruppa for IKT-revisjon i Riksrevisjonen har eit særleg ansvar for å drive langsiktig kompetanseoppbygging og gjennomføre IKT-revisjonar. Ved å utveksle erfaringar skal gruppa medverke til å vidareutvikle metodikk og kompetanse på området for IKT-revisjon. For å styrkje dette arbeidet blei det i 2010 etablert eit lukka nettverk for testing av verktøy og revisjonsprogram for IKT-revisorar i Riksrevisjonen.

I revisjonsåret 2009–2010 leidde kompetansegruppa ein større revisjon av arbeidet med informasjonstryggleiken i alle departement og ei rekkje underliggjande verksemdar. Riksrevisjonen har i etterkant av revisjonen fått mange førespurnader om å halde foredrag og drøfte informasjonstryggleik. Dette har Riksrevisjonen, som ein del av rettleiingsrolla, prioritert for viktige aktørar i statsforvaltninga.

2.6 Løpande kommunikasjon med reviderte verksemdar

Riksrevisjonen legg vekt på at kommunikasjonen med reviderte verksemdar skal vere god gjennom heile revisjonsprosessen. Det blir gjennomført kontaktmøte mellom Riksrevisjonen og departementa/verksemdene der ein blant anna gjennomgår revisjonsfunn, risikovurderingar og planar for kommande revisjonsår. Dette gir leiinga i dei ulike verksemdene betre forståing av revisors arbeid, og ein får understreka kva ansvar leiinga har for styring og kontroll. Møta gir dessutan Riksrevisjonen nyttige innspel til revisjonsarbeidet, og revisorane får betre kunnskap om kva oppgåver verksemdene har, og korleis dei løysar dei.

Riksrevisjonen rettleier reviderte verksemdar både undervegs i revisjonen og ved å delta som observatør i aktuelle utviklingsprosjekt i forvaltninga.


3 Andre revisjonsfaglege aktivitetar

3.1 Internasjonale standardar

Hausten 2010 vedtok kongressen for den internasjonale organisasjonen av riksrevisjonar (INTOSAI³) nye internasjonale standardar for finansiell revisjon, kontroll av disposisjonane og forvaltningsrevisjon. Riksrevisjonen har aktivt medverka i arbeidet med å utvikle desse standardane gjennom deltaking i INTOSAIs komitéar og arbeidsgrupper. Riksrevisjonen deltek òg i andre relevante nasjonale og internasjonale forum som arbeider med metodeutvikling. Gapanalysar viser at Riksrevisjonens noverande standardar og praksis på dei fleste områda er i tråd med dei nye standardane. Det er sett i gang ein prosess for å tilpasse interne retningslinjer og andre relevante dokument til krava i dei internasjonale standardane. Riksrevisjonen tek sikte på å implementere og ta i bruk dei nye standardane i 2012.

3.2 Nytt revisjonsstøtteverktøy

Arbeidet med å skaffe til vegar eit nytt revisjonsstøtteverktøy starta opp i 2009. Det nye verktøyet skal auke kvaliteten på Riksrevisjonens revisjon gjennom å leggje til rette for betre samhandling og informasjonsdeling i heile organisasjonen. Verktøyet skal vere fleksibelt med omsyn til endringar i revisjonsmetodikken. Det blei gjennomført ein offentlig internasjonal anbuds-konkurranse i 2010, men det kom ikkje inn nokon tilbod. Riksrevisjonen arbeider no med å realisere ei løysing basert på SharePoint med utgangspunkt i eigne ressursar og innkjøp av nødvendig spisskompetanse. Siktemålet er at det nye verktøyet kan takast i bruk i 2012. Arbeidet med å utvikle det nye verktøyet skjer i tett dialog med dei prosjektansvarlege for implementeringa av dei nye internasjonale standardane og for utviklinga av elektronisk saksbehandling i Riksrevisjonen, jf. omtale i kapittel 6.5.



Medlemmer av prosjektgruppa for innføring av internasjonale standardar.

Kjelde: Riksrevisjonen

3.3 Kompetansegrupper

Riksrevisjonen har fire kompetansegrupper på tvers av revisjonsformer: mål- og resultatstyring, IKT, anskaffingar og mislegheiter. Kompetansegruppene sikrar ei systematisk oppbygging og deling av kompetanse innanfor faglege kjerneområde og gir revisorane støtte i arbeidet etter innmelde behov. Som støtte i revisjonsarbeidet er det utvikla kurs og rettleiarar på ei rekkje område.

3.4 Nye retningslinjer for selskapskontrollen

I 2010 tok Riksrevisjonen i bruk nye retningslinjer for selskapskontrollen. Retningslinjene skil no blant anna klart mellom årlege kontrollar og utvida undersøkingar. Formålet med den årlege kontrollen er å gjere revisor i stand til å konstatere og dokumentere eventuelle avvik i forvaltninga av selskapet, særleg knytte til etterleving av lover, reglar og vedtak og til korrekt informasjon til Stortinget og Riksrevisjonen. Formålet med dei utvida undersøkingane er å undersøkje om statens eigarinteresser blir forvalta på ein god måte, særleg når det gjeld ivaretaking av samfunns-

3) International Organization of Supreme Audit Institutions. Sjå nærmare om Riksrevisjonens engasjement i INTOSAI i kapittel 4.4.

oppgåver og sektorpolitiske mål og ei effektiv og økonomisk forsvarleg drift.

3.5 Undervisning, føredragsverksemd, seminar og liknande

Tilsette i Riksrevisjonen har i ei rekkje samanhengar medverka i undervisnings- og føredragsverksemd, blant anna for forvaltninga, interesseorganisasjonar og andre revisjonsmiljø og etter førespurnad frå andre eksterne kursarrangørar.

4 Internasjonale aktivitetar

Riksrevisjonens strategiske mål for det internasjonale engasjementet sitt er å vere ein leiande aktør innanfor utvikling av offentleg revisjon internasjonalt.

4.1 Internasjonale revisjonsoppdrag

Som ein leiande aktør innanfor utvikling av offentleg revisjon internasjonalt har Riksrevisjonen som strategisk målsetjing å søkje oppdrag som ekstern revisor i internasjonale organisasjonar som er viktige for Noreg. I tråd med INTOSAIs prinsipp ønskjer vi gjennom dette arbeidet å påverke til større openheit og betre forvaltning i dei mange internasjonale organisasjonane som Noreg er medlem av.

Riksrevisjonen hadde desse revisjonsoppdraga i 2010:



International Organization for Migration (IOM)

Riksrevisjonen har hatt oppdraget som ekstern revisor i perioden 2001–2009. Oppdraget blei avslutta 1. juli 2010.



EFTA Surveillance Authority (ESA), EFTA Court og EFTA-sekretariatet og EØS-overføringane til nye EU-medlemmer

Riksrevisjonen har vore medlem av EFTA Board of Auditors sidan 1992. I inneverande periode har Riksrevisjonen formannskapet.



Interparlamentarisk union (IPU)

Riksrevisjonen har hatt oppdraget som ekstern revisor i åra 2005–2010.



European Molecular Biology Laboratory (EMBL), European Molecular Biology Conference (EMBC) og European Molecular Biology Organization (EMBO)

Riksrevisjonen er oppnemnd som ekstern revisor i perioden 2007–2012.



NATOs revisjonsråd

Eit medlem frå Riksrevisjonen gjekk inn i NATOs revisjonsråd for fire år med verknad frå 1. september 2010.



INTERPOL

Riksrevisjonen blei i november 2010 oppnemnd som ekstern revisor for INTERPOL – den internasjonale politiorganisasjonen. Oppdraget er for tre år (rekneskapsåra 2010–2012) og kan fornyast for tre år til.



International Renewable Energy Agency (IRENA)

Har hovudsete i Abu Dhabi i Dei sameinte arabiske emirata. Riksrevisjonen har teke på seg å revidere rekneskapen for 2010 for komitéen, som førebur etablering av det internasjonale byrået for fornybar energi. Det er ikkje avklart om Riksrevisjonen får oppdraget for ein ny periode.

Riksrevisjonen har som intensjon å ha kontinuerleg 5–8 oppdrag som ekstern revisor i internasjonale organisasjonar. Ved utgangen av 2010 har Riksrevisjonen levert tilbod på ytterlegare eitt oppdrag som ekstern revisor i ein internasjonal organisasjon som tilhøyrrer FN-systemet. Riksrevisjonen er ein av tre kandidatar som står igjen når sluttprosessen har starta.

4.2 Fagfellevurderingar

Peer reviews, eller fagfellevurderingar på norsk, er blitt eit stadig meir utbreidd verktøy for riksrevisjonar for å få gjennomført revisjonsfaglege og institusjonelle vurderingar av revisjonspraksis og eigen organisasjon. Team som er samansette av andre riksrevisjonar, kan gi nyttige vurderingar og tilrådingar som ein riksrevisjon kan bruke for å betre sin revisjon og for å få meir effektive og målretta organisasjonar. Den norske riksrevisjonen er ein av dei som ofte er blitt bedt om å delta i og også leie slike fagfellevurderingar, og har no opparbeidd seg verdifull erfaring på området. Det har også vist seg at dei revisorane som deltek i slike institusjonsgjennomgangar, oppnår stort fagleg utbytte og læring.

I 2010 avslutta Riksrevisjonen, som del av to internasjonale team, fagfellevurderingar av den kanadiske og den tanzanianske riksrevisjonen. Riksrevisjonen deltok i 2010 også i ei internasjonal fagfellevurdering av den mongolske riksrevisjonen. Hausten 2010 fekk Riksrevisjonen førespurnad om å leie to nye internasjonale fagfellevurderingar, av den amerikanske og den finske riksrevisjonen. Norske leiarar og deltakarar i dei to teama er rekrutterte internt. Fagfellevurderinga av den amerikanske riksrevisjonen begynte i november/desember 2010 og skal vere slutført i september 2011, mens oppstart for den finske gjennomgangen først skjer i 2011.

4.3 Hospiteringar

Hospiteringar i utlandet er eit viktig tiltak for nettverksbygging og utveksling av kompetanse over landegrensene. Som ein del av personalpolitikken reknar Riksrevisjonen hospitering i utlandet som eit aktuelt og viktig kompetanseutviklingstiltak for dyktige medarbeidarar som ønskjer ein vidare karriere i etaten.



I 2010 er det gjort avtalar om hospiteringar/ekspertutvekslingar med ECA – European Court of Auditors, ESA – EFTAs overvakingsorgan i

Brussel, riksrevisjonen i New Zealand og IDI – INTOSAI Development Initiative.

4.4 Riksrevisjonens deltaking i INTOSAI – Den internasjonale organisasjonen av riksrevisjonar

Riksrevisjonen er medlem av INTOSAI (International Organization of Supreme Audit Institutions) og den regionale underorganisasjonen for Europa, EUROSAI (European Organisation of Supreme Audit Institutions). INTOSAI er etablert for å vere ein møteplass for utveksling av idear og erfaringar mellom riksrevisjonar. Organisasjonen skal medverke til å fremme den faglege utviklinga av revisjonsfaget i offentlig revisjon.



Riksrevisjonen spelar i dag ei framtrædande rolle i INTOSAI, og riksrevisor er medlem av INTOSAIs styre og sit i finans- og administrasjonskomitéen i organisasjonen.

Hovudfokuset til INTOSAI i åra framover blir å implementere INTOSAIs nye strategiske plan. I 2010 har INTOSAI for første gong utvikla og vedteke eit felles rammeverk (ISSAI) for standardar og retningslinjer for offentlig revisjon som gjer det mogleg for alle riksrevisjonar å utføre revisjon etter dei same standardane. Rammeverket er ein milestolpe for offentlig revisjon og eit resultat av mange års koordinert og stor innsats frå mange av riksrevisjonane i verda, blant anna den norske. Felles rammer vil vere eit viktig ledd for å styrkje tilliten og tiltrua til offentlig revisjon verda over. Det er likevel knytt store utfordringar til å få implementert ISSAI-rammene i riksrevisjonar i utviklingsland, sidan dette vil krevje store ressursar. I åra framover blir det derfor ei viktig oppgåve for INTOSAI og dei velutvikla riksrevisjonane å sørge for at dei svake riksrevisjonane får nødvendig opplæring og assistanse i implementeringa av dei nye standardane.

I inneverande strategiske periode er Riksrevisjonens INTOSAI-engasjement derfor retta mot arbeidet med å implementere INTOSAIs standardar og retningslinjer i riksrevisjonar i utviklingsland. Vi skal òg delta på område der vi har størst behov for å utvikle Riksrevisjonens eigen kompetanse.

I 2010 har Riksrevisjonens arbeid også retta merksemda mot desse komitéane og gruppene:

Revisjonsstandardar

Riksrevisjonen leier komitéens arbeid med kontroll av disposisjonane og er medlem av arbeidsgruppene for forvaltningsrevisjon og rekneskapsrevisjon i komitéen. Riksrevisjonen har gjennom arbeidet sitt i komitéen særleg vore pådrivar for INTOSAIs arbeid med å utvikle retningslinjer for offentleg rekneskapsrevisjon, inkludert kontroll av disposisjonane, og for å harmonisere desse med standardane for privat revisjon (IFAC).



Riksrevisjonen vil dessutan ha eit stort engasjement knytt til å sikre at dei nye internasjonale standardane for offentleg revisjon (ISSAI) blir kjende og implementerte, og at riksrevisjonar i utviklingsland utviklar kapasitet i sine organisasjonar til å gjennomføre ein effektiv kontroll i tråd med standardane.

INTOSAIs underkomité for forvaltningsrevisjon er i ferd med å utvikle fagnotat som skal styrkje implementeringa av forvaltningsrevisjon i riksrevisjonar. Komitéen er òg engasjert i harmonisering av revisjonsstandardar generelt og spreiding av informasjon om forvaltningsrevisjon. Forvaltningsrevisjon er eit sentralt tema for offentleg revisjon, sidan det ikkje finst internasjonale standardar for forvaltningsrevisjon innanfor privat revisjon.

IT-revisjon

Riksrevisjonen har i 2010 blant anna hatt ansvaret for oppdatering av risikoar knytte til revisjon av elektronisk forvaltning og vore ein aktiv bidragsytar til IT-komitéens satsingar for kommande strategiske periode. Riksrevisjonen vil over dei neste tre åra ha koordineringsansvar for eit prosjekt innan Green IT og vere delaktig i prosjekt knytte til Cloud Computing og Optimizing Information Technology. For 2011 er det planlagt at den europeiske IT-arbeidsgruppa skal hjelpe medlemmene med å gjere ei eigenvurdering av korleis IKT-revisjon er organisert og utført i riksrevisjonar. Riksrevisjonen har òg delteke i ein seminarserie om kartlegging, tiltak mot og avdekking av momssvindlar i Europa. Dette er gjort i samarbeid med representantar frå Skattedirektoratet.

Miljørevisjon

I juni 2008 overtok Riksrevisjonen oppgåva med å leie og vere sekretariat for arbeidsgruppa for miljørevisjon i den europeiske paraplyinstitusjonen for riksrevisjonar, EUROSAI. Sekretariatet skal vere pådrivar og tilretteleggjar for miljørevisjonar og informasjonsutveksling, hjelpe til med metodeutvikling og kompetansebygging innan miljørevisjon og medverke til formidling og nettverksbygging internt i arbeidsgruppa og med eksterne fagmiljø. I 2010 har hovudinteressa vore retta mot berekraftig energibruk og effektar av miljørevisjon.



Noreg har utarbeidd ein INTOSAI-rettelias om revisjon av utslppsreduksjonar og tilpassing til klimaeanderingane i industri- og utviklingsland og eit tilhøyrande e-læringsprogram. Det er òg gjennomført ein forvaltningsrevisjon av måloppnåinga til styresmaktene i klimapolitikken. Arbeidet er ein del av satsinga til miljøarbeidsgruppa i INTOSAI og blei leidd av Canada. I alt 14 riksrevisjonar deltok i denne globale revisjonen. Norge fekk hausten 2010 i oppgåve å utarbeide ein INTOSAI-veileder om revisjon av mislegheiter på miljøområdet.

Institusjonsutvikling av riksrevisjonar

Riksrevisjonen blei medlem av denne arbeidsgruppa i 2006 for å styrkje kompetansen sin i samband med etableringa av ei eining for utviklingssamarbeid og kapasitetsbygging i Riksrevisjonen. Gruppa har utvikla fleire rettleiingar for korleis ein best utviklar riksrevisjonar og stimulerer til auka samordning av kapasitetsbyggingsaktivitetar mellom INTOSAIs medlemmer. Gruppa vil jobbe tett med IDI-sekretariatet for samarbeidet mellom INTOSAI og givar-samfunnet, for å sikre best mogleg koordinering og effekt av aktivitetane. Ei viktig oppgåve for gruppa framover blir, saman med komitéane for dei ulike revisjonstypene, å jobbe med implementering av ISSAI-rammene blant INTOSAIs medlemmer.

Revisjon av katastrofehjelp

Arbeidsgruppa blei etablert etter tsunami-katastrofen i Sørøst-Asia i 2004. På grunn av manglande nasjonal og internasjonal oversikt over midlane som blir tilbydde og utbetalte ved slike katastrofar, er det nødvendig å koordinere revisjonsarbeidet mellom fleire riksrevisjonar. Ifølgje mandatet skal gruppa levere to arbeidspakkar:

- 1 kartleggje i kva grad den hjelpa som er gitt i samband med tsunamien har vore ytt på ein ansvarleg, sporbar og open måte, og
- 2 bruke erfaringane frå blant anna pakke 1 til å utvikle ein god praksis og rettleiing for revisjon av gitt katastrofehjelp.

For den første delen har Riksrevisjonen utarbeidd delproduktet som går på «God praksis for finansiell rapportering», og som blei lagt fram hausten 2010. Utarbeiding av god praksis og rettleiing for revisjon av katastrofehjelp er godt i gang. Arbeidsgruppa skulle ha slutført arbeidet sitt innan utgangen av 2010, men har fått tre års utsetjing.

4.5 Regionalt samarbeid

Det nordiske samarbeidet omfattar riksrevisjonane i Danmark, Sverige, Finland, Færøyane, Island og Noreg. Samarbeidet skjer på både riksrevisor- og ekspertnivå. I 2010 var temaet for riksrevisorane erfaringar med revisjon av offentlege oppgåver som er blitt konkurranseutsette, og riksrevisjonane si rolle som internasjonale aktørar.



Det nordisk-baltisk-polske samarbeidet omfattar riksrevisjonane i Danmark, Sverige, Finland, Noreg, Estland, Litauen, Latvia og Polen. Hovudtema i samarbeidet i 2010 har vore: 1) bruk av dataverktøy og modellar i forvaltningsrevisjon, 2) selskapskontroll og 3) korleis finanskrisa påverkar revisjonstema og revisjonsplanlegging.

4.6 Anna internasjonalt revisjonssamarbeid

HOAP (Harmonisation in overseas audit practice)

HOAP er eit samarbeid mellom riksrevisjonane i ei rekkje givarland om rapportering og revisjon av støtte til bistandsprosjekt. HOAP har som mål å finne ei felles tilnærming til revisjon av bistandsmidlar. I revisjonsåret 2010 blei det gjennomført ein «High Level Overview» av riksrevisjonen i Uganda. Dette er eit samarbeid mellom riksrevisjonane i Nederland, Sverige, Afrosai-E⁴ og Noreg.

Revisjonssamarbeidet mellom enkelte land om Joint Strike Fighter (JSF)

Samarbeidet om revisjon av Joint Strike Fighter heldt fram i 2010. Søkjelyset har vore retta mot områda offentlig innkjøp på forsvarsområdet og kvalitetssikring ved store innkjøp.

Parallellrevisjon mellom Noreg og Russland om fiskeressursane i Barentshavet og Norskehavet
Dokument nr. 3:2 (2007–2008) *Riksrevisjonens undersøkelse av forvaltningen og kontrollen av fiskeressursene i Barentshavet og Norskehavet – en parallell revisjon mellom norsk og russisk riksrevisjon* blei slutført i 2007. Samarbeidet er følgt opp i treårsperioden 2008–2010 med felles revisjonshandlingar i dei to landa og årleg rapportering til dei respektive nasjonalforsamlingane. Rapport om oppfølginga blir lagd fram for Stortinget våren 2011.

Parallellrevisjon mellom Noreg og Russland om strålingstryggleik og vern av miljøet mot radioaktiv forureining

Den norske og den russiske riksrevisjonen gjennomførte i 2008–2009 ein parallell revisjon av atomtryggleiksarbeidet i nordområda. Dei to riksrevisjonane utarbeidde på sjølvstendig grunnlag kvar sin rapport der resultata frå undersøkingane blei presenterte. I 2010 underteikna dei to riksrevisorane eit memorandum med felles vurderingar for kvart av tema. Revisjonen blei rapportert til Stortinget i Dokument 3:9 (2009–2010), med den norske og den russiske rapporten og memorandumet som vedlegg.

Dei to partane undertekna i 2010 ein strategisk plan for oppfølginga av revisjonen. Hausten 2010 gjennomførte partane ei undersøking som gjaldt oppfølging og kontroll av midlane til to norsk-finansierte prosjekt i Nordvest-Russland. Det blei gjennomført felles datainnsamling i Murmansk med intervju av Murmansk fylkesadministrasjon, Nerpa-verftet og underleverandørar til dei to prosjekta. Eit felles memorandum og rapportar frå denne undersøkinga vil bli utarbeidde i 2011.

4) Sekretariatet for den afrikanske regionen av engelsktalende riksrevisjonar

5 Hjelp til institusjonsutvikling av riksrevisjonar i andre land

Riksrevisjonens utviklingssamarbeid begynte i 2007. Riksrevisjonen hjelper riksrevisjonar i utviklingsland og i overgangsland med sikte på å fremme godt styresett. Riksrevisjonen bruker dei internasjonale standardane for offentlig revisjon og regionale velfungerande eksempel som referanse for dette arbeidet. Tilsette i Riksrevisjonen driv opplæring og rettleiing innanfor ulike revisjonsformer og medverkar til å styrkje institusjonane.

Riksrevisjonen har i samband med utviklingsarbeidet innrapportert 10 087 471 kroner som hjelpemidlar (DAC-midlar) til OECD via NORAD i 2010. I 2009 var dette talet 9 963 000 kroner.

Institusjonelle samarbeidsprosjekt

Riksrevisjonen hadde i 2010 institusjonelt samarbeid med riksrevisjonane i Malawi, Zambia, Mongolia, Serbia og Nepal. I Malawi og i Zambia har Riksrevisjonen relativt breie prosjekt både for å støtte riksrevisjonane som samfunnsaktør og for å styrkje ulike revisjonsformer. Riksrevisjonen har langtidsrådgivarar stasjonerte i dei to landa.



Riksrevisjonen har også hatt eit samarbeid med AFROSAI-E, sekretariatet for den afrikanske regionen av engelsktalande riksrevisjonar, i form av kortidsrådgivarar frå Riksrevisjonen som har vore instruktørar på fleire av AFROSAI-Es forvaltningsrevisjonskurs.

Riksrevisjonen hadde også eit samarbeid med den slovakiske riksrevisjonen om opplæring i forvaltningsrevisjon. I tillegg førte Riksrevisjonen vidare eit avgrensa samarbeid med den palestinske riksrevisjonen med hjelp/konsultasjon i samband med gjennomført rekneskapsrevisjon.

Zambisk riksrevisjon



Riksrevisjonen har dei siste to åra lagt stor vekt på å styrkje kapasiteten til den zambiske riksrevisjonen innan forvaltningsrevisjon, og lanseringa av dei første forvaltningsrevisjonsrapportane til parlamentet nokosinne blir sett på som eit viktig resultat i 2010. Rapportane blei godt mottekne. Riksrevisjonen medverkar òg til kapasitetsbygging innan inntektsrevisjon i landet, eit prosjekt som også inkluderer dei zambiske og dei norske skattestyresmaktene. Prosjektet omfattar i tillegg samarbeid om IKT-revisjon.

Malawisk riksrevisjon



Samarbeidet i Malawi inneber bruk av Riksrevisjonens tilsette innan både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, IKT-kompetanse, leiing og organisasjonsstyrking. Ein ny rekneskapsmetode i tråd med internasjonale standardar blei vedteken innført i 2010. Rammevilkåra for den malawiske riksrevisjonen er ikkje i tråd med internasjonale standardar. Arbeidet for auka sjølvstende og betra omdømme får likevel brei støtte i ein fersk rapport der styresmaktene i Malawi tilrår at riksrevisjonen i landet blir gjort finansielt, administrativt og legalt uavhengig.

Serbisk riksrevisjon



Serbia oppretta sin riksrevisjon i 2007, og Riksrevisjonen i Noreg blei frå starten av invitert til å hjelpe Serbia med å byggje opp ein riksrevisjon «frå grunnen». I 2010 var det avgrensa behov for hjelp i sjølve revisjonsprosessen, men arbeidet med å hjelpe leiinga med å utarbeide strategisk plan for kommande femårsperiode og utvikling av revisjonsmetodikk blei ført vidare. I samband med at den årlege revisjonsrapporten skulle leggjast fram for den serbiske nasjonalforsamlinga i desember 2010, hjalp Riksrevisjonen til med mediehandteringa, til liks med året før.

Nepalsk riksrevisjon



Den nepalske riksrevisjonen har innleidd eit samarbeid med Riksrevisjonen innanfor blant anna lovutforming, strategisk planlegging, rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Dei politiske rammevilkåra, som blant anna inneber at landet er utan riksrevisor, har medført at det har vore få samarbeidsaktivitetar med Nepal i 2010. Det blei likevel nyleg inngått ein prosjekttavtale om samarbeid mellom dei to riksrevisjonane, og det er sonderingar rundt donorstøtte til riksrevisjonen i Nepal.

Mongolsk riksrevisjon



Det blei i 2010 gjennomført ei fagfellelvurdering av den mongolske riksrevisjonen med fokus på forvaltningsrevisjon og institusjonelle forhold. Riksrevisjonen deltok i fagfellelvurderinga som eit ledd i avslutninga av samarbeidet mellom dei to institusjonane.

Styrking av relasjonar mellom parlament og riksrevisjonar

Ei styrking av dei legale rammevilkåra og den organisasjonsmessige kapasiteten til ein riksrevisjon kan vere avgjerande for å få effekt av auka revisjonsfagleg kompetanse. Ein riksrevisjons arbeid heng blant anna nøye saman med relasjonane til parlamentet i landet og kva kapasitet parlamentet har. Dette er forhold som Riksrevisjonen legg auka vekt på overfor fleire av samarbeidslanda sine. Riksrevisjonen ønskjer derfor eit tettare samarbeid med Stortingets kontroll- og konstitusjonskomité på dette området.

Riksrevisjonens utviklingssamarbeid og IDI

Riksrevisjonens utviklingssamarbeid skal vere tett kopla til arbeidet som blir gjort av IDI (INTOSAI Development Initiative) for å byggje opp kapasitet i riksrevisjonar på regional basis. Dei gode samarbeidsrelasjonane med IDI blei utvikla vidare i 2010. Ei større undersøking utført av IDIs nyoppretta INTOSAI-donorsekretariat om behovet for støtte blant INTOSAI 198 medlemsland, viste at det er stort behov for Riksrevisjonens satsing på utviklingshjelp. Også sentrale trekk ved Riksrevisjonens behov fekk aksept, for eksempel ved at det blir arbeidd langsiktig, og at det blir lagt til grunn ei heilskapleg forståing av verksemda og funksjonane til ein riksrevisjon. Ei eiga rapportering om arbeidet i IDI følgjer som vedlegg 5 til denne rapporten.

6 Administrasjon og interne aktiviteter

6.1 Administrative driftsoppgåver og støttefunksjonar

Ei eiga administrasjonsavdeling tek vare på fellesfunksjonar og yter service og støtte til revisjonsavdelingane og medverkar på den måten til at Riksrevisjonen når måla sine. Drifts- og støttefunksjonane er organiserte i desse seksjonane: IKT-seksjonen, personalseksjonen, driftsseksjonen, økonomisseksjonen, informasjons- og dokumentasjonsseksjonen og internasjonal seksjon.

6.2 Miljø

Omsynet til miljø og miljøstyring skal sikrast ved planlegging og gjennomføring av tiltak for å nå strategiske mål. Riksrevisjonens miljøengasjement viser seg i det daglege arbeidet gjennom tiltak innanfor områda innkjøp, avfall, energi og transport. Ifølgje Riksrevisjonens anskaffingsstrategi skal det ved alle anskaffingar leggjast vekt på omsynet til det ytre miljøet. Det skal stillast miljøkrav til anskaffinga der dette er relevant.

Ved Riksrevisjonens hovudkontor og ved alle regionkontora er det lagt til rette for videokonferansar. Allmøte og andre informasjons- og fagsamlingar blir overførte til alle medarbeidarar via intranettet. Til saman medverkar dette til å redusere reiseverksemda blant dei tilsette i Riksrevisjonen.

Riksrevisjonen er med på den statlege ordninga med kjøp av klimakvotar. Senter for statleg økonomistyring (SSØ) rapporterer inn klimakvoter for flyreiser. Tabell 2 gir ei oversikt over rapporterte reiser for 2010:

Tabell 2 Rapporterte flyreiser for 2010

	Reiser til saman	Kilometer til saman
Innanlandsreiser	1969	1 969 000
Utanlandsreiser	323	2 301 008

6.3 Tryggleik

Riksrevisjonen har som overordna tryggleiksmål at all informasjonsbehandling skal utførast i tråd med lovpålagde krav og på ein slik måte at tilliten til Riksrevisjonen ikkje blir svekt. Det er ikkje avdekt forhold i 2010 som tilseier at dette målet ikkje er nådd. Det har blant anna ikkje vore rapportert om alvorlege brot på tryggleiksregelverket til tryggleiksleiaren. I personalseksjonen og kompetansegruppa for mislegheiter har det vore gjennomført kontrollar av korleis tryggleiksregelverket blir etterlevd, med vekt på handtering av elektroniske og fysiske dokument. Kontrollen viste god tryggleik.

IKT-tryggleiken i Riksrevisjonen er generelt god. Det blir lagt stor vekt på tryggleik og jobba kontinuerleg med forbetringar der det er nødvendig. I 2010 hadde Riksrevisjonen eit møte med NorCERT, som orienterte om korleis dei ser på trusselbiletet på IKT-sektoren. Riksrevisjonen vil i 2011 søkje medlemskap i NorCERTs nettverk.

6.4 Anskaffingsverksemda i Riksrevisjonen

Riksrevisjonen kjøper årleg varer og tenester for i overkant av 100 millionar kroner. Det blei i 2010 gjennomført ei intern kartlegging og ein analyse av Riksrevisjonens eiga anskaffingsverksemd. På grunnlag av den gjennomgangen blei det vedteke ein ny overordna anskaffingsstrategi. Den skal sikre at alle anskaffingar i Riksrevisjonen blir utført profesjonelt og effektivt og i tråd med gjeldande regelverk, slik at Riksrevisjonens ressursar blir utnytta best mogleg.

6.5 Elektronisk saksbehandling

Arbeidet med å innføre elektronisk saksbehandling på alle nivå har begynt, og prosjektet er planlagt avslutta første halvår i 2012. Det blir lagt vekt på god integrering med Riksrevisjonens nye revisjonsstøtteverktøy, jf. omtalen i kapittel 3.2.

6.6 Kommunikasjonsstrategi

Det er vedteke ein ny kommunikasjonsstrategi som skal tydeleggjere korleis Riksrevisjonen vil bruke kommunikasjon som strategisk verktøy for å oppnå måla som er sette, og vere ei støtte til leiarar og medarbeidarar i kommunikasjonsarbeidet internt og eksternt. Dei overordna kommunikasjonsmåla er definerte i Riksrevisjonens strategiske plan:

- Riksrevisjonen har allmenn tillit, og rolla og oppgåvene er godt kjende i Stortinget og forvaltninga.
- Riksrevisjonen blir oppfatta som kompetent, uavhengig og objektiv.
- Riksrevisjonen trekkjer til seg og held på kompetente og engasjerte medarbeidarar.

Riksrevisjonen skal følgje statens kommunikasjonsprinsipp innanfor dei rammene Riksrevisjonens konstitusjonelle rolle set.



Leiar av Stortingets kontroll- og konstitusjonskomité, Anders Anundsen haldt foredrag på Faglig forum i Riksrevisjonen i februar. Her saman med blant andre ekspedisjonssjef i Riksrevisjonen, Per A. Engeseth.

Kjelde: Riksrevisjonen

6.7 Dokumentoffentlegheit

Tabell 3 gir ei oversikt over praktiseringa av dokumentoffentlegheit i Riksrevisjonen.

I tillegg blir det arrangert leiarfrukostar der ein set søkjelys på aktuelle leiingsfaglege tema og utfordringar.

6.8 Interne arrangement

Det blir halde månadlege allmøte der dagleg leiar orienterer om aktuelle saker. Det blir òg arrangert jamlege temamøte – Fagleg forum – for dei tilsette, med både interne og eksterne foredrags-haldarar. I 2010 blei det arrangert til saman sju slike møte. Tema for Fagleg forum har blant anna vore forholdet mellom Stortingets kontroll- og konstitusjonskomité og Riksrevisjonen, statlege anskaffingar og LØFT-metodikken.

Tabell 3 Dokumentoffentlegheit i Riksrevisjonen

	2009	2010
Talet på innsynskrav til Riksrevisjonen i alt	259	170
Talet på innsynskrav som får automatisk avslag fordi dei gjeld dokument som er omfatta av "utsett offentlegheit", jf. lov om Riksrevisjonen § 18 andre ledd	103	70
Talet på innsynskrav der det er gitt innsyn	145	90
Talet på innsynskrav der det er gitt heilt eller delvis avslag	11	10
Talet på klager	1	3
Talet på klager som har fått medhald	1	0
Talet på klager som ikkje har fått medhald	0	3
	2009	2010
Interne krav om innsyn i lønnsforhandlingsresultata i Riksrevisjonen	3*	193

* Talet på krav må sjåast i lys av at det i 2009 ikkje blei gjennomført lokale lønnsforhandlingar i Riksrevisjonen. Talet for 2010 er på same nivå som i 2008.

7 Organisering, personale og arbeidsmiljø

7.1 Riksrevisorkollegiet

Den øvste leiinga Riksrevisjonen er eit kollegium samansett av fem riksrevisorar. Dei er valde av Stortinget for ein periode på fire år frå 1. januar 2010 til 31. desember 2013. Kollegiet har denne samansetjinga:

Leiar:	Jørgen Kosmo
Varamedlem:	Eirin Faldet
Nestleiar:	Arve Lønnum
Varamedlem:	Liv Zazzera
Medlem:	Annelise Høegh
Varamedlem:	Martin Engeset
Medlem:	Per J. Jordal
Varamedlem:	Heidi Grande Røys
Medlem:	Synnøve Brenden
Varamedlem:	Asmund Kristoffersen

Det blei halde ni kollegiemøte i 2010.

7.2 Organisering

Riksrevisjonen er organisert med ei administrasjonsavdeling, fire rekneskapsrevisjonsavdelingar og to forvaltningsrevisjonsavdelingar. Organisasjonskartet følger som vedlegg 1.

Selskapskontrollen er organisert saman med forvaltningsrevisjonen. To revisjonsstøtteiningar arbeider med metodeutvikling og kvalitetskontroll for høvesvis rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon/selskapskontroll.

Riksrevisjonen har hovudkontor i Oslo. Det er regionkontor i Bergen, Bodø, Hamar, Kristiansand, Stavanger, Tromsø og Trondheim. I tillegg arbeider 17 medarbeidarar i andre byar. Desse arbeidsstadene skal over tid avviklast ved naturleg avgang.

Ei oversikt over kvar Riksrevisjonen held til rundt om i landet, går fram av vedlegg 2.



Riksrevisjonens kollegium: Bak: Per Jordal, Synnøve Brenden og Arve Lønnum. Fremst: Annelise Høegh og Jørgen Kosmo.

Kjelde: Ilja Hendel.

7.3 Personalet


Per 31. desember 2010 var det tilsett 539 personar i Riksrevisjonen. Dette utgjorde 506,5 årsverk. 100 personar heldt til utanfor Oslo. Tabell 4 viser alderssamansetjinga per 31. desember 2010. Alderssamansetjinga blant dei tilsette har vore relativt stabil dei siste åra.

Tabell 4 Alderssamansetjing per 31.12.2010

Alder	Prosent
Opptil 29	9,5
30–39	26,5
40–49	30
50–59	23
60 og over	11

Statistikken viser at kjønnsfordelinga i Riksrevisjonen framleis tilfredsstillar krava til likestillingslova og Hovudavtalen i staten. Kjønnssfordelinga viste i 2010 ein kvinnetil del på 57,9 prosent. Fordelt på aldersgrupper er kvinnetil delen noko høgare i dei yngre gruppene.

Figur 2 Kjønnssammensetning i aldersgrupper (i prosent)



I 2010 var kravet om 40 prosent representasjon av begge kjønn innfridd på toppleiarnivået og i saksbehandlargruppa. I mellomleiargruppa er det ein svak nedgang til 36,4 prosent kvinner, og det er framleis berre kvinner i gruppa førstesekretær/konsulent. Det er 90 prosent kvinner blant reinhaldspersonalet, og det er berre menn blant driftsteknikarane. Riksrevisjonen er merksam på kjønnsfordelinga i desse gruppene ved rekruttering.

Det er liten lønnsforskjell mellom kvinner og menn. På mellomleiarnivået tener kvinner 1,6 % meir enn menn. I saksbehandlargruppene har kvinner ei noko høgare gjennomsnittslønn enn menn i stillingskodane førstekonsulent/senior-konsulent.

Det er ein relativt større prosentdel kvinner (9,6 prosent) enn menn (3,5 prosent) som har redusert stilling. Berre eit fåtal medarbeidarar har varig redusert stilling. Det blir berre utlyst heiltidsstillingar, men Riksrevisjonen legg til rette for deltidsarbeid når ein medarbeidar treng det.

Mangfaldsarbeidet

Riksrevisjonens samspel- og omdømmeverdiar er grunnlaget for personalpolitikken. Personalpolitikken byggjer på at medarbeidarane skal vere likeverdige uavhengig av kjønn, alder, funksjonsevne, truvedkjenning, kulturelle forskjellar og seksuell legning. Gjennom tilpassingsavtalen forpliktar Riksrevisjonen seg til å leggje til rette for mangfald blant dei tilsette, særleg når det gjeld kjønn, etnisitet, funksjonsevne og alder.

Det er sett i verk aktivitetar for å sikre at krava i diskrimineringslova blir oppfylte ved rekrutterings- og tilsetjingsprosessar, jf. det relevante regelverket blant anna i Statens personalhandbok. Riksrevisjonens elektroniske søknadsverktøy gir søkjarar høve til å be om særskilt vurdering av søknaden sin på grunnlag av innvandrarakgrunn eller nedsett funksjonsevne. Nødvendig utstyr blir stilt til rådvelde for medarbeidarar med spesielle behov for fysisk tilrettelegging av arbeidsplassen. Verneomboda gjennomfører vernerunde minst éin gong i året. Riksrevisjonen har i 2010 delteke på kurs om mangfald og likestilling i arbeidslivet i regi av Likestillings- og diskrimineringsombodet.

I tråd med lovendringane og utvidingane av oppgåvene på likestillings-, mangfalds og diskrimineringsområdet følgjer Riksrevisjonen opp arbeidet med ein justert handlingsplan for mangfald og likestilling, som vil bli lagd fram i 2011.

Seniorpolitikk

Riksrevisjonens seniorpolitikk tek utgangspunkt i at seniormedarbeidarane utgjør ei erfaren, kompetent, stabil og lojal arbeidskraft. Dei har verdifull livs- og arbeidserfaring som det er viktig å framheve, ta vare på og utvikle vidare. Frå 2009 er det innført nye tiltak spesielt retta mot dei som er 62 år og eldre. Tiltaka har som mål å stimulere seniorane til å utsetje pensjonsalderen. Gjennomsnittsalderen for alderspensjonering i 2008 var 63,5 år, men per 31.12.2010 er dette gjennomsnittet målt til 65,6 år.

Inkluderande arbeidsliv (IA)

Riksrevisjonen arbeider aktivt og systematisk med oppfølging av og tilrettelegging for sjukmelde og tilsette med nedsett funksjonsevne, slik at sjukefråvær og uføretrygd blir redusert. Riksrevisjonens verdigrunnlag står sentralt i IA-arbeidet. Fleksibilitet og oppfølging over tid gjer det mogleg for tilsette å komme tilbake etter lengre fråvær, trass i mellombels eller varig nedsett funksjonsevne.

7.4 Kompetanse og kompetanseutvikling

Godt kvalifiserte medarbeidarar med variert utdanningsbakgrunn er det viktigaste fundamentet for Riksrevisjonens verksemd. Riksrevisjonen arbeider derfor medvite for å rekruttere medarbeidarar med god kompetanse, og satsar mykje på å leggje til rette for opplæring og utvikling, slik at oppgåvene kan løysast på ein god måte. Den faglege bakgrunnen og kompetansen varierer, blant anna mellom revisjon, økonomi, jus og ulike samfunnsvitskapar.

Intern kompetansebygging er viktig, blant anna fordi tilbodet om formell utdanning i offentleg revisjon er avgrensa. Ved tiltredinga begynner alle nye revisjonsmedarbeidarar på eit toårig opplæringsprogram innan den revisjonsforma dei jobbar med. Medarbeidarar som ikkje er omfatta av dei toårige opplæringsprogramma for nyttilsette, skal kvart år gjennomføre minst 35 timar med arbeidsrelaterte kompetanseutviklingstiltak. Målsetjinga med denne ordninga er å stimulere til og sikre regelmessig kompetanse- og eigenutvikling. I 2010 blei det arrangert vel 80 interne kurs, fordelt på ca. 30 ulike tema. Kursa har vore retta mot Riksrevisjonens ulike grupper av tilsette: tilsette som jobbar med revisjon, tilsette som jobbar med administrasjon, og leiarar.

Eit vidareutdanningsprogram i offentleg revisjon
Riksrevisjonen har i 2010, i samarbeid med Norges Kommunerevisorforbund, begynt eit arbeid med sikte på å etablere eit vidareutdanningsprogram i offentleg revisjon. Formålet med ei slik utdanning er å styrkje kvaliteten på offentleg revisjon gjennom å skape eit felles fagleg grunnlag. Meir konkret er programmet tenkt å gi utvida kunnskapar og dugleikar innan gjeldande standardar for offentleg revisjon, styring og leiing av politisk styrte organisasjonar, statleg og kommunalt budsjett- og rekneskapsarbeid og økonomi.

Stipend

Kvart år blir det gitt stipend til etter- og vidareutdanning. Ordninga er basert på søknad frå den enkelte tilsette. Utdanninga går i hovudsak føre seg ved universitet og høgskular innan dei relevante fagområda. Ved tildeling hausten 2010, som gjeld for studieåret 2011–2012, fekk 28 medarbeidarar stipend. Av desse var tre seniorar (over 50 år) og 17 kvinner.

Hospitering

For å oppnå auka kompetanse og betre kjennskap til dei ulike revisjonstypene har Riksrevisjonen

som målsetjing å auke den interne mobiliteten. Fleire medarbeidarar hospiterer derfor i kortare eller lengre periodar i andre seksjonar/avdelingar enn den dei er administrativt knytte til. Ein medarbeidar hospiterer for tida i Stortinget. I tillegg hospiterer medarbeidarar internasjonalt, jf. kapittel 4.3.

7.5 Arbeidsmiljø

Medarbeidarundersøkingar

Riksrevisjonen legg stor vekt på eit godt arbeidsmiljø. I 2009 blei det teke i bruk eit nytt opplegg for medarbeidarundersøkingar og arbeidsmiljøtiltak, såkalla humankapitalindeks (HKI). Målet er å oppnå auka engasjement blant medarbeidarane gjennom nyttige og konkrete tiltak i den enkelte organisasjonseininga. Resultatet frå den første målinga i 2009 viste eit gjennomsnittleg svært godt resultat for Riksrevisjonen. Dei to påfølgjande målingane i 2010 viser ein stabil framgang av resultata i verksemda som heilskap. Målingane vil halde fram i 2011 og skal utførast to gonger i året.

Verneombod

Verneomboda har dei siste par åra fått ein meir sentral posisjon i verksemda. Dei blir innkalla til møte der arbeidsmiljø er tema, og har fått ei meir aktiv rolle på seksjonsmøte og avdelingsmøte. Hovudverneombodet er med i møte mellom administrasjonsavdelinga og tenestemannsorganisasjonane.

Intern varsling

I tråd med krava i arbeidsmiljølova er det etablert retningslinjer for varsling om kritikkverdige forhold i eiga verksemd. Det er oppretta ei eiga varslingsgruppe som er underlagd arbeidsmiljøutvalet. Gruppa kan ta imot varsel om kritikkverdige forhold internt. Det blei ikkje motteke slike varsel i 2010.

Ny tilpassingsavtale

Riksrevisjonen og tenestemannsorganisasjonane i etaten inngjekk den 27. august 2010 ein ny tilpassingsavtale til Hovudavtalen i staten. Tilpassingsavtalen har som formål å skape eit best mogleg samarbeidsgrunnlag mellom partane for å få til eit godt arbeidsmiljø, god leiing og betre resultatoppnåing. Partane vil følgje intensjonen i Hovudavtalen med andre former for samarbeid enn drøftingar og forhandlingar.

7.6 Sjukefråvær

Sjukefråværet i 2010 var på 4,7 prosent, det same som i 2009. I 2008 var fråværet på 4,8 prosent. Riksrevisjonen jobbar aktivt med å leggje til rette for at medarbeidarar med redusert funksjonsevne i størst mogleg grad skal kunne fungere i jobb, heilt eller delvis. Personalseksjonen utarbeider interne rutinar og hjelper til med samtalar og rettleiing for både leiarar og medarbeidarar i konkrete saker. Bedriftshelsetenesta er også ein viktig samarbeidspartnar ved både førebygging og tilrettelegging.

7.7 Rekruttering, turnover og marknadsføring

I 2010 blei det tilsett 34 nye medarbeidarar. Av desse var 18 kvinner og 16 menn. Total turnover i 2010 var 4,4 prosent, mot 2,8 prosent i 2009 og 8,0 prosent i 2008. For å sikre kvalifiserte søkjarar til ledige stillingar, deltek Riksrevisjonen på karrieredagar og held presentasjonar om Riksrevisjonen som arbeidsplass på universitet og høgskular.

8 Budsjett og rekneskap for 2010

Riksrevisjonens rekneskap er revidert av Ernst & Young AS ved statsautorisert revisor Suzanne M. Amundsen, oppnemnd av Stortingets president-

skap. Rekneskapen for 2010 med notar og revisjonsmelding er send til Stortingets presidentskap.

Riksrevisjonens budsjett og rekneskap for 2010 (tal i 1000 kroner)

Kap	Post		Rekneskap 2009	Budsjett 2010	Rekneskap 2010
0051		Riksrevisjonen			
	01	Lønn og godtgjersler	293 665	311 772	308 204
	01	Varer og tenester	129 996	160 828	130 233
		Sum utgifter	423 661	472 600	438 437
3051		Riksrevisjonen			
	01	Refusjon innland	929	1 500	1 548
	02	Refusjon utland	1 012	1 500	341
	03	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	70		176
	16	Refusjon fødselspengar	6 337		4 462
	18	Refusjon sjukepengar	5 105		5 996
		Sum inntekter	13 452	3 000	12 523

Riksrevisjonens melding om verksemda i 2010 blir send til Stortinget.

Vedteke i Riksrevisjonens møte 14. april 2011

Jørgen Kosmo

Arve Lønnum


Annelise Høegh

Per Jordal


Synnøve Brenden

Björg Selås

Vedlegg 1: Riksrevisjonens organisasjonskart per 31. desember 2010



Vedlegg 2: Lokalisering av Riksrevisjonens medarbeidarar per 31. desember 2010



Vedlegg 3: Riksrevisjonens rapportering til Stortinget i 2010

Desse revisjonsrapportene er sende til Stortinget i 2010 (i kronologisk rekkefølge):

- Dokument 3:4 (2009–2010) *Riksrevisjonens undersøkelse av arbeidet til styresmaktene med å forebygge flaum- og skredfare*
- Dokument 3:5 (2009–2010) *Riksrevisjonens undersøkelse av måloppnåelse i klimapolitikken*
- Dokument 3:6 (2009–2010) *Riksrevisjonens undersøkelse av Enova SFs drift og forvaltning*
- Dokument 3:7 (2009–2010) *Riksrevisjonens undersøkelse om oppfølging av og kvalitet i private institusjoner innen tverrfaglig spesialisert behandling for rusmiddelavhengige*
- Dokument 3:8 (2009–2010) *Riksrevisjonens undersøkelse av Sjøfartsdirektoratets saksbehandling ved dokumentkontroll av fartøy og sjøfolk*
- Dokument 3:9 (2009–2010) *Riksrevisjonens undersøkelse om strålingssikkerhet og beskyttelse av miljøet mot forurensning fra radioaktive kilder i Nordvest-Russland*
- Dokument 3:10 (2009–2010) *Riksrevisjonens undersøkelse av politiets innsats mot organisert kriminalitet*
- Dokument 3:11 (2009–2010) *Riksrevisjonens undersøkelse av skatteetatens kontroll av selvangivelser og grunnlagsdata*
- Dokument 3:12 (2009–2010) *Riksrevisjonens undersøkelse av måloppnåelse og styring i jordbruket*
- Dokument 3:13 (2009–2010) *Riksrevisjonens undersøkelse av arbeidet med å sikre og tilgjengeliggjøre arkivene i kommunal sektor*
- Dokument 1 (2010–2011) *Riksrevisjonens rapport om den årlige revisjon og kontroll for budsjettåret 2009*
- Dokument 3:1 (2010–2011) *Riksrevisjonens oppfølging av forvaltningsrevisjoner som er behandlet av Stortinget*
- Dokument 3:2 (2010–2011) *Riksrevisjonens kontroll med forvaltningen av statlige selskaper for 2009*
- Dokument 3:3 (2010–2011) *Riksrevisjonens undersøkelse av Integrerings- og mangfoldsdirektoratets måloppnåelse og virkemiddelbruk i arbeidet med bosetting og kvalifisering av flyktninger*

Vedlegg 4: Påbegynte forvaltningsrevisjonar som blir førte vidare i 2011

Desse forvaltningsrevisjonane blir førte vidare som foranalysar (FA) eller som hovudanalysar (HA) i 2011:

Arbeidsdepartementet

- Effektiviteten i tjenesteproduksjonen i NAV (HA)
- NAVs oppfølging av sykemeldte¹
- Samarbeidet mellom stat og kommune ved NAV-kontorene (HA)

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

- Den kommunale barnevernstjenestens oppfølging av ulike hjelpetiltak (HA)

Finansdepartementet

- Reorganisering av skatteetaten – ROS (FA)

Fiskeri- og kystdepartementet

- Oppfølging av den parallelle revisjonen mellom den russiske og norske riksrevisjonen av forvaltningen av de levende marine ressursene i Barentshavet og Norskehavet (HA)
- Forvaltning av havbruksnæringen (HA)

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet

- Anskaffelser og innkjøp i staten²
- Vedlikehold av kirkebygg (HA)
- Eiendomsforvaltning i universitets- og høyskolesektoren (HA)
- Kvaliteten på utredninger og konsekvens-analyser som grunnlag for statlige tiltak (FA)

Forsvarsdepartementet

- Intern kontroll i forsvarssektoren (HA)

Helse- og omsorgsdepartementet

- Eiendomsforvaltningen i helseforetakene (HA)
- Forvaltning av ordningen Fritt sykehusvalg (HA)
- Måloppnåelse og effektivitet i rehabiliterings-tjenesten (HA)

Justis- og politidepartementet

- Politiets arbeid med vinningskriminalitet (HA)
- IKT-forvaltning i straffesakskjeden (FA)

Kommunal- og regionaldepartementet

- Kommunal styring for å nå nasjonale mål (FA)

Kulturdepartementet (ingen)

Kunnskapsdepartementet

- Spesialundervisningen i grunnskolen³
- Forskningsrådets styring og forvaltning av forskningsmidler (FA)

Landbruks- og matdepartementet

- Mattilsynet (HA)
- Måloppnåelse og styring innen skogbruket (FA)

Miljøverndepartementet

- Håndtering av farlig avfall (HA)

Nærings- og handelsdepartementet (ingen)

Olje- og energidepartementet (ingen)

Samferdselsdepartementet

- Utbygging og fornyelse av jernbane-infrastruktur (HA)

Utanriksdepartementet

- Atomsikkerhet i nordområdene – parallell revisjon med den russiske riksrevisjonen (HA)
- Resultatorientering i norsk bistand⁴

1) Dokument 3:5 (2010–2011) Riksrevisjonens undersøkelse av arbeids- og velferdsetatens oppfølging av sykmeldte. Sendt Stortinget 13. januar 2011.

2) Dokument 3:6 (2010–2011) Riksrevisjonens undersøkelse av årsaker til at statlige verksemder ikkje etterlever regelverket for offentlege anskaffingar. Sendt Stortinget 15. februar 2011.

3) Dokument 3:7 (2010–2011) Riksrevisjonens undersøkelse av spesialundervisningen i grunnskolen. Sendt Stortinget 10. mars 2011.

4) Dokument 3:4 (2010–2011) Riksrevisjonens undersøkelse av resultatorienteringen i norsk bistand. Sendt Stortinget 13. januar 2011.



Vedlegg 5: Orientering om INTOSAI Development Initiative – IDI

INTOSAI Development Initiative (IDI) har som hovedmål å bidra til bedret revisjonskapasitet i utviklingsland gjennom behovs-baserte, målrettede, framsynte og bærekraftige kapasitetsstyrkingsprogrammer for riksrevisjoner. I senere år har IDI satset bredere på kapasitetsutvikling som også omfatter styrking av riksrevisjoners organisering og informasjons- og kunnskapsdeling som egen disiplin. IDI er en del av INTOSAI (International Organization of Supreme Audit Institutions).

Riksrevisjonen har vært ansvarlig for IDI siden 2001 i tråd med Stortingets vedtak etter forslag fra Riksrevisjonen, jf. Dokument nr. 3:14 (1997–98) og Innst. S. nr. 8 (1998–99). IDI i Norge er organisert som en stiftelse med styre, sekretariat og en rådgivende komité.

Styret for IDI består for tiden av sju medlemmer, hvorav fire fra Riksrevisjonen. Riksrevisjonens leder er leder av styret for IDI. De tre andre styremedlemmene er riksrevisorer i Canada, Nederland og Storbritannia. INTOSAIs generalsekretær og formannen i INTOSAIs hovedkomité for kapasitetsutvikling er observatører. Av styremedlemmene er fire menn og tre kvinner. Riksrevisjonens leder er styremedlem i INTOSAI i kraft av å være leder av IDIs styre.

IDI-sekretariatet holder til i Riksrevisjonens lokaler i Oslo. Hovedoppgaver er planlegging og gjennomføring av utviklingsprogrammer, å bidra til informasjons- og kunnskapsdeling blant riksrevisjoner, samarbeide med andre organisasjoner, forberede styremøter og følge opp beslutninger. Sekretariatet benytter fire offisielle arbeidsspråk: Arabisk, engelsk, fransk og spansk.

Samarbeidsavtalen som ble inngått mellom INTOSAI og 15 giver-organisasjoner i oktober 2009, samler riksrevisjoner og givere i et felles framstøt for en mer strategisk tilnærming til kapasitetsutvikling for riksrevisjoner i utviklingsland. Samarbeidsavtalen åpner for varierte måter å kanalisere støtte riksrevisjoner i tråd med givernes mandater, prioriteter og krav. På det konstituerende møtet i styringsgruppen for samarbeidet i februar 2010 ble IDI valgt som sekretariat. INTOSAI-Donor sekretariatet

rapporterer til styringsgruppen og inngår som en integrert del av IDI-sekretariatet.

Omfattende analyser av utviklingsbehov i riksrevisjoner og INTOSAI-regioner har gitt IDI godt grunnlag for å planlegge og gjennomføre nye kapasitetsutviklingsprogrammer. IDI til grunn at utviklingsprogrammene skal være effektive og bærekraftige. Valgte strategier skal reflektere lokale og regionale behov og prioriteringer. Partnerskapsavtaler inngås for å sikre bedre resultater. IDI unngår å konkurrere med INTOSAI-regionene om midler fra givere siden regionene i økende grad selv er blitt i stand til å organisere utviklings- og kapasitetsstyrkingssamarbeid. IDI fremmer likestilling og sørger for at kvinner er representert i den grad det er praktisk mulig i utviklingsprogrammene.

Utviklingen går i retning av mer omfattende og langvarige utviklingsprogrammer, som både tar sikte på å utvikle personers kompetanse og styrke riksrevisjoner organisasjonsmessig. På noen områder er det mer sammenfallende utviklingsbehov på tvers av regioner enn innen enkeltregioner. Dette har ført til at IDI for tiden holder gjennomfører to fler-regionale programmer.

Et slikt program gjelder revisjon av forvaltningen av offentlig gjeld. Programmet har 29 riksrevisjoner i seks INTOSAI-regioner som deltakere, og det gjennomføres samtidig på engelsk og fransk. I dette programmet, som startet i 2009 og varer ut 2011, er INTOSAIs arbeidsgruppe for revisjon av offentlig gjeld og andre samarbeidspartnere med.

Det andre fler-regionale programmet, med forvaltningsrevisjon av skogadministrasjon som tema, ble startet opp i 2010 samarbeid med INTOSAIs arbeidsgruppe for miljørevisjon og riksrevisjonen i Indonesia. 15 riksrevisjoner fra to INTOSAI-regioner deltar.

I Afrika gjennomfører IDI et ledelsesutviklingsprogram for 20 riksrevisjoner i engelskspråklige land. Programmet startet i 2009 og første fase avsluttes i 2011. Det omfatter tre nivåer av ledelse, henholdsvis riksrevisorer og toppledere, senior operative ledere og arbeidsledere/

teamledere. I neste fase skal det velges ut fem riksrevisjoner hvor hvor det skal gjennomføres mer dyptgående ledelsesutvikling, og det skal . , opplegget skal gjennomføres individuelt i hver av dem. Hensikten er å styrke ledelsesfunksjonene i disse riksrevisjonene ytterligere og utvikle et bærekraftig opplegg for hvordan regionen selv kan fortsette ledelsesutviklingen.

IDI har i 2010 bistått sju riksrevisjoner i arabiske land med å etablere egen-kapasitet til å lage og gjennomføre strategiske planer. Et nytt element i dette programmet var en egen modul om operasjonalisering av en strategisk plan.

Et nytt program i kvalitetssikring av ble satt i gang i Asia i 2010. Et annet program i 2010 omfattet riksrevisjoner i fransk-språklige afrikanske land sør for Sahara som har påtrengende behov for å styrke kapasiteten til å utføre regnskapsrevisjon. IDI laget et spesielt program for hvordan disse riksrevisjonene skal få på plass en tilfredsstillende revisjonsmetodikk og lære opp en kritisk masse i denne metodikken. For riksrevisjoner i Karibia har IDI gjennomført program som gir riksrevisjonene et steg-for-steg opplegg for risikobasert tilnærming i regnskapsrevisjon, basert på anerkjente internasjonale revisjonsstandarder. seks utførte pilotrevisjoner, seks erfaringsrapporter fra gjennomføringen og en kjernegruppe av revisorer som er lært opp i disiplinen og kan brukes som ressurspersoner i videreutvikling innefor dette området. I Stillehavsområdet har IDI levert et samarbeidsprogram i miljørevisjon.

Fortsatt er det etterspørsel etter IDIs programmer i å bygge opp og opprettholde regionale nettverk for opplæring og kapasitetsbygging, særlig gjennom utdanning av IDI-sertifiserte opplæringsspesialister. For hver gang et slikt program gjennomføres, legges det større vekt på virtuell læring som delvis erstatter tradisjonell klasseromsundervisning. IDI benytter moderne IT-teknologi og internett til kommunikasjon i programmene i stedet for kostbare reiser og opphold på et kurs- eller møtested. Et ny runde av et slikt program for riksrevisjoner i Latin-Amerika ble påbegynt i 2010 for 50 deltakere fra 20 land.

IDI-utviklet kursmateriell, veiledninger og håndbøker tildeles alle riksrevisjoner kostnadsfritt når de rekvirerer det, elektronisk eller i papirformat.

INTOSAI-Donor Sekretariatet gjennomførte i 2010 den første verdensomspennende kartleggingen av riksrevisjoners bistandsbehov og det utviklingssamarbeidet som pågår. En hovedkonklusjon i undersøkelsen var at det er et meget betydelig behov for støtte til kapasitetsutvikling i riksrevisjoner innenfor alle de åtte behovsområdene som var identifisert. Det samlede støttebehovet for alle riksrevisjoner ble anslått til 269 mill. US dollar, hvorav 229 mill. US dollar gjelder riksrevisjoner i lav-inntekts eller lavere-middel-inntekts utviklingsland. Opplysningene fra undersøkelsen viste også at det allerede gis betydelig støtte til utvikling av riksrevisjoner. Mer enn 50% av de som svarte , oppga at de for tiden mottar ekstern støtte. Det framgikk også tydelig at mer kan gjøres for å bedre koordinering av støtten og påvise målbare resultater med varige virkninger. Rapporten var ferdig i november 2010 og er blitt meget etterspurt.

Driften av IDIs sekretariat er finansiert ved tilskudd fra Norad. Dette er et langsiktig engasjement basert på Stortingets tilslutning til etableringen av IDI i Norge. IDI-sekretariatets hovedfunksjoner er å planlegge, organisere og gjennomføre kapasitets-utviklingsprogrammer for riksrevisjoner, og fra 2010 å utøve sekretariatsfunksjonene for INTOSAI-Donor samarbeidet. En vesentlig del av IDI-sekretariatets kostnader, hovedsakelig lønns- og reisekostnader, kan relateres direkte til konkrete programaktiviteter, mens kun en mindre del av sekretariatskostnadene dekker intern administrasjon.

Finansiering av IDIs programaktiviteter må søkes fra tilgjengelige kilder internasjonalt. Den økonomiske støtten fra givere er avgjørende for gjennomføringen av IDIs programvirksomhet. Støtte til finansieringen av programaktiviteter i 2010 ble sikret med tilskudd fra bistandsmyndighetene i Canada, Danmark, Finland, Norge, Sveits og Sverige. Videre ble det mottatt bidrag fra INTOSAI's opplæringsbudsjett, EUROSAI og fra riksrevisjonen i Kuwait. En rekke riksrevisjoner har gitt verdifull støtte til IDIs aktiviteter i 2010 i form av tjenester.

Finansiering av INTOSAI-Donor sekretariatet til utgangen av 2012 er stilt til rådighet av bistandsmyndighetene i Irland, Norge (Norad) og Østerrike.

Selv om det lyktes IDI å skaffe tilstrekkelig finansiering til gjennomføring av det aller meste av planlagte aktiviteter i 2010, er usikkerheten

om fremtidig finansiering blitt større. Det er blitt mer krevende enn før å skaffe direkte finansiering av kapasitets-utviklingsprogrammene IDI gjennomfører, og tilskuddet fra Norad har vært utilstrekkelig til å dekke kostnadene forbundet med regionalt ansatte medarbeidere de siste årene. En konsekvens av INTOSAI-Donor samarbeidet er at noen givere ser ut til å foretrekke at all deres støtte til riksrevisjoner blir kanalisert gjennom dette samarbeidet istedenfor direkte til IDI. En generell utvikling er at det er blitt vanskeligere å oppnå tilstrekkelig økonomisk støtte etter at den globale finanskrisen inntraff i 2008.

I 2010 disponerte IDI i alt 22,1 årsverk fordelt på 23 medarbeidere, hvorav 13 kvinner og 10 menn.

I 2010 ble det foretatt en intern gjennomgang av IDIs organisasjon på bakgrunn av den nye oppgaven IDI har påtatt seg ved å være sekretariat for INTOSAI-Donor samarbeidet og den eksterne evalueringen av IDI som ble foretatt i 2008. Den nye rollen som INTOSAI-Donor Sekretariat kommer i tillegg til at IDIs arbeid med kapasitets-utviklingsprogrammer skal fortsette.

En hovedanbefaling fra gjennomgangen var at IDI bør fortsette som en stiftelse. Det er imidlertid behov for flere endringer av vedtektene for å reflektere utviklingen siden 2007–2008. Foreslåtte endringer innbefatter blant annet utvidelse av maksimalt antall styremedlemmer fra de nåværende sju, og at det skal være minst ett styremedlem fra en riksrevisjon i et utviklingsland.

IDIs gjeldende strategiske plan er for perioden 2007–2012. Mange erfaringer er vunnet under gjennomføringen, og det har skjedd mye nytt i INTOSAI og andre sammenhenger IDI opererer i. Det ble derfor satt i gang arbeid i 2010 med å utvikle IDIs neste strategiske plan. Planprosessen er lagt opp til å være bred, åpen og konsultativ med siktemål å ha en ny strategisk plan vedtatt innen utgangen av 2011.



657 493 460 65 237 5 740 612 3 808 164 11 218 9 461



241 344

Trykk: 07 Gruppen2011



Riksrevisjonen
Pilestredet 42
Postboks 8130 Dep
0032 Oslo

sentralbord 22 24 10 00
telefaks 22 24 10 01
postmottak@riksrevisjonen.no

www.riksrevisjonen.no



42 104 10 587 040 9 425 14 617 8663 38 121 24 060 -3 496 7 160 389